



Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Vedteke i kommunestyret i sak 97 / 2019

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Kommunedirektøren si vurdering.....	2
Status 2019 og grunnlaget for 2020	4
Innleiing.....	8
Risiko knytt til budsjettet 2020	11
Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2020	11
Rentenivå – prognose	11
Lønsoppgjær i 2020	11
Kraftinntekter	11
Tilbakeføring av pensjonsmidlar frå KLP	12
Vurdering.....	12
Prinsippa for budsjettering	13
Budsjettprosessen.....	13
Økonomi.....	14
Overordna mål og handlingsreglar.....	14
Drift og rammebetingelsar	18
Investeringar	22
Balansepostar.....	26
Framtidsutsikter økonomi.....	27
Medarbeidarar	29
Hovudmålsettingar.....	29
Arbeidstid og heiltidskultur	29
Fråvær	30
Kompetanseutvikling og rekruttering	30
Presentasjon av hovudområde	32
Overordna organisasjonskart.....	32
Tenestemråde Oppvekst og utdanning.....	35
Tenestemråde Helse- og omsorg	46
Tenestemråde Miljø- og samfunnsutvikling	57

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til kommuneplanens handlingsdel med budsjett for 2020 og økonomiplan fram til og med 2023. Det er utarbeidd budsjettbok med aktuelle hovudoversikter og detaljbudsjett.

Det er eit omfattande arbeid som ligg bak utarbeiding av kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan. Arbeidet starta med kommunestyret sin dialogkonferanse på Sota sæter i juni 2019. Deretter har dei kommunale- og interkommunale einingane kome med sine vurderingar og innspel. Det heile er avstemt med dei økonomiske rammevilkåra som blei kjent ved framlegging av forslag til Statsbudsjett 7. oktober 2019.

Ei utfordring over år har vore at driftsutgiftene har vore for høge i høve driftsinntektene. Det har vore gjort grep for å redusere utgiftene, men det har også på fleire område vorte avdekt nye eller veksande behov som måtte bli finansierte innafor den økonomiske driftsramma.

Skjåk kommune har valt å halde fram som ein liten kommune. Dei økonomiske konsekvensane av dette er tydlege framover. Departementet har ikkje lagt opp til tvang for samanslåing i den kommande perioden.

Statsbudsjettet slik det blei lagt fram oktober 2019 syner at handlingsrommet for kommunane framleis er stramt, men at AS Norge går godt. Statsbudsjettet syner ei vekst i frie inntekter som skal komme kommunane til gode, saman med ei innlemming av øyremerka tilskot som skal styrke lokaldemokratiet. Det store spørsmålet er alltid om auka i ramma dekker nye oppgåver som leggast til kommunen.

Skjåk kommune tilbyr jamt over svært gode tenester til sine innbyggjarar. På same tid har kommunen eit næringsfond til nytte for dei som vil etablere eller utvikle arbeidsplassar. God styring gjennom ein realistisk økonomiplan er viktig for å sikre stabile tenester og bevare trygge arbeidsplassar. På den måten skal Skjåk bli ein god kommune både å bu og arbeide i.

Det er ynskjeleg å få fleire til å bygge bustader i kommunen. Kommunedirektøren meiner at tenesteområdet Miljø- og samfunnsutvikling i større grad skal prioritere planarbeid som gir auka busetting og auka folketal. Det er også ynskjeleg å omsette eldre kommunale bustader og bruke inntektene til delfinansiering til oppføring av nye bustadar.

I tillegg er det viktig å vere offensive i forhold til vekst og utvikling på fleire område. Skjåk kommune er ein attraktiv hyttekommune. Med tanke på dei omgjevnadane vi har meiner kommunedirektøren det må arbeidast for større utbyggingsaktivitet. Her har kommune og grunneigarar ein jobb å gjere.

Det er behov å få flaumsikra Bismo så innbyggjarane og næringsliv kan leve i trygghet og planlegge vidare utvikling. Det ser ut som det kan ta noko tid før Bismo vert tilstrekkeleg flaumsikra. Kommunedirektøren vil

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020


tilrå å setje i gang eit arbeid for å etablere nye næringsareal for at kommunen skal kunne tilby framtidsrette og trygge areal for bedrifter som ynskjer dette.

Kommunen har tatt sin del av eit viktig samfunnsansvar ved å busette flyktningar. I 2018 blei det nærast full stopp i talet på flyktningar som kjem til Noreg, - og dermed Skjåk. På lik line med at tenestetilbodet til flyktningane må tilpassast til at kommunen ikkje får integreringstilskot frå Staten, så må det generelle tenestetilbodet tilpassast dei økonomiske rammevilkåra. Tilbodet trappast ned etterkvart som flyktningane blir ferdige med sine femårige introduksjonsprogram.


Kommunedirektøren vil i 2020 vere særskilt oppteken av ei sunn drift, og tilpassing av ressursar og kapasitet i organisasjonen. Det vert naudsynt med ei tett oppfølging av økonomien i 2020.

Status 2019 og grunnlaget for 2020

Tal på innbyggjarar i Skjåk 2011 – 2020:




KOSTRA oversikt; netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter for Skjåk, Oppland, Kommunegruppe 3 og landet utanom Oslo.



Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Fordeling av budsjetterte lønsutgifter per område 2020:



Regionale kostnader og refusjon til Lom kjem ikkje under løn. Når Skjåk drifter samarbeid vil lønskostnadane vere forholdsvis store.

Ny kommunelov

Lovgrunnlaget for kommunens budsjett og økonomiplanarbeid finn vi i ny kommunelov kap 14, gjeldande frå 01.01.2020:

"§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

a) økonomiplanen og årsbudsjettet

b) årsregnskapene og årsberetningene

c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi

d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.

Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.

Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.

Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstillende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene. Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet. Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.

§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler. Driftsbudsjettet skal dekke avdrag på lån med et beløp som minst tilsvarer avdrag beregnet etter § 14-18.

Årsbudsjettet skal dekke inn tidligere års merforbruk i driftsregnskapet og udekket beløp i investeringsregnskapet etter reglene i §§ 14-11 og 14-12.

Midler som etter lov eller avtale er reservert for særskilte formål, og som ikke benyttes i budsjettåret, skal settes av til et bundet fond.


Årsbudsjettet skal dekke avsetninger som er nødvendige for en god kommunal økonomiforvaltning. Investeringene skal over tid ha en egenfinansiering som ivaretar kommunens eller fylkeskommunens økonomiske handleevne.

Første til femte ledd gjelder på tilsvarende måte for hvert enkelt år i økonomiplanen."

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Innleiing

Folketalet i region Nord-Gudbrandsdal har over mange år hatt ein jamn nedgang. Sjølv om Skjåk har ei positiv auke i folketalet frå 2018 til 2019 med 25 innbyggjarar har folketalet i perioden frå 1.1.2008 til 1.1.2019. minka med 127 innbyggjarar. Framskrivinga viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + (Data frå SSB).



Skjåk kommune må i si planlegging og i sine strategiske val legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Vil kommunen som følgje av dette prioritere meir ressursar til eldreomsorga og desto mindre til barn og unge? Kva for nye problemstillingar kjem opp da? Er framskrivinga for aldersgruppa 0-19 år for optimistisk når ein ser den fallande kurven i 20-66 år? Korleis rekruttere nok arbeidskraft til dei lovpålagte tenestene når ein ser nedgangen i talet på personar i arbeidsdyktig alder? Korleis kan dei friske innbyggjarane i gruppa frå 67 år engasjere seg som frivillige i samfunnsnyttig innsats?

Samfunnsdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017-2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamansetjing, klima og miljø og migrasjon. Flaumen hausten 2018 har vist kor viktig det er å ta omsyn til endringar i klima og ekstremvær. I tida framover må dette vere høgt på dagsorden for kommune og for næringsliv.

Kommunen har i fleire år opplevd nedgang i folketalet. Dette skuldast både negativt fødselsoverskot og utflytting. Det siste året har vi sett ei lita folketalsauke. Vi ser ein tendens til at unge barnefamiljar har flytta heim att. Dette er veldig positivt for Skjåk. Samstundes er det viktig å arbeide for at bygda bli

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

attraktiv å busette seg i. Kommuneplanen for dei neste åra legg vekt på å finne fram til trivselsskapande tiltak som gjer at fleire vel både å busette seg og bli buande i Skjåk.

Administrativ organisering

Hausten 2019 var det utført justeringar i den administrative organiseringa. Kommunedirektøren gjennomført justeringane med bakgrunn i utfordringar som er knytt til kapasitet, koordinering av tenester og til det strategiske arbeidet. Dei største utfordringane ligg innan tenestemråda teknisk, næring, kultur, natur- og kraftforvaltning, beredskap, byggjesak, plan og miljø. Desse tenestene er samla i eit felles tenestemråde, Miljø- og samfunnsutvikling, som vert leia av ein eigen kommunalsjef. Justering i den administrative organiseringa er naudsynt for at Skjåk kommune skal kunne møte framtida på ein god måte, spesielt innan næringsutvikling og snu trenden som gjeld folketalsutvikling. Kommunedirektøren bygger vurderinga si på erfaringar, dialog og slutningar i leiargruppa, samtale med direkte involverte, inkludert tillitsvalde og verneombod. Kommunedirektøren reknar med å få full effekt av justeringa når vi kjem over i nytt budsjettår. Justeringane kjem fram i organisasjonskart som er presentert under kapittelet "Presentasjon av hovudområda".

Leiarkompetanse

Ein effektiv organisasjon krev kompetente medarbeidarar i alle ledd. Både for å sikre god tenesteleveranse i den daglege drifta og for å gjennomføre nødvendige endringar og omstillingar i organisasjonen, er det nødvendig også å ha kompetente leiarar. Derfor har det dei siste åra vore satsa mykje på leiarutvikling, noko kommunedirektøren også ynsker å vidareføre i denne perioden. Leiarutviklingsprogramma har hatt stor grad av finansiering via KS sitt OU-fond noko kommunedirektøren tek høgde for også i denne perioden.

Skjåk kommune og norddalskommunane i regionreforma

Hedmark og Oppland fylkeskommunar blir Innlandet fylkeskommune frå 1. januar 2020. Det nye fylkestinget skal ha 57 medlemmer og fylkesutvalet 15. I tillegg skal det vera fire hovudutval - utdanning, kultur, samferdsel og næring. Innlandet får 46 kommunar og 387 000 innbyggjarar.

Stortinget si målsetting med å endre den fylkeskommunale strukturen er m.a. «å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar».

Politisk og administrativ leiing blir lokalisert til Hamar. Nokre funksjonar blir plassert på Lillehammer, men dei store oppgåvene som vidaregåande opplæring med kompetanse og forskning, samferdsel, klima og miljø, plan og næring blir lagt til Hamar. Dette betyr at Skjåk kommune og region Nord-Gudbrandsdal, som frå før er ein utkant i Oppland, kan koma til å oppleve å vera utkant i enda sterkare grad i det nye fylket.

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal har etablert ei rekkje felles tenester, noko som kan sjåast som alternativ til kommunesamanslåing. Kommunedirektøren oppmodar politikarane i Skjåk til å vurdere moglegheiter for interkommunale samarbeid innan fleire område, også vestover.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Omdømme

Framover i perioden ser kommunedirektøren det som naudsynt å ha eit auka fokus på å arbeide systematisk med kommunen sitt omdømme. Omdømmebygging er ein prosess der vi må finne det unike med vår eigen kommune, og sette i verk tiltak for å rette opp det folk oppfattar som negativt, og for å kommunisere betre det som fungerer bra. I det høve vert det særskit naudsynt å stille seg følgande fire spørsmål:

1. Kven er vi?
2. Kva er vi gode på?
3. Korleis ynskjer vi å framstå for omverda?
4. Kva vil vi? (Det eksistensielle spørsmålet)

Kommunedirektøren ynskjer å trekke fram verdien av brukarmedverknad i høve tenestene til kommunen. Brukarmedverknad i kommunesektoren er eit verkemiddel for forbetre og kvalitetssikre tenestene ved at brukarane sine erfaringar og synspunkt vert vektlagt ved utforming og evaluering av tenestene. Gjennom kontakt direkte med brukarar/pasientar/pårørande/elevlar/føresette/innbyggjarar, eller gjennom representantar frå brukarorganisasjonar, legg kommunen til rette for brukarmedverknad.

Brukarmedverknad bidreg til at tenestene lyttar til brukarane sine erfaringar og lar brukarane sine erfaringar og perspektiv prege utforming av tenestene både når det gjeld generelle og individuelle tilbod.

Skjåk kommune gjennomfører med jamne mellomrom medarbeidarundersøking og brukarundersøkingar. Neste medarbeidarundersøking skal gjennomførast i 2021. Brukarundersøking i barnehagen og foreldreundersøking i skulen blir gjennomført annakvart år. Elevundersøking i skulen blir gjennomført kvart år.

KOSTRA

Ordet KOSTRA står for KOMmune STAT RAPportering, og er ei årleg innrapportering kommunane gjer til staten via SSB. Sjå internetlink: <http://www.ssb.no/kostra>. Målet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata (type teneste, tal produserte einingar, personalinnsats - årsverk/timar, brukarar m.v.) med økonomidata (utgift og inntekt pr. teneste). Dette vil gje informasjon om prioritering, produktivitet og dekningsgrad i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen sin eigen styring. Her kan ein samanlikne kommunen si utvikling år etter år, eller samanlikne kommunen med andre kommunar. Tal frå KOSTRA er sentralt i dette dokumentet.

Skjåk kommune er i kommunegruppe 3. Dette er ei gruppe med små kommunar som har middels bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter.

Risiko knytt til budsjettet 2020

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2020

Forslaget til statsbudsjett blei lagt fram 7. oktober. Skjåk kommune fekk ei auke på 2,8 % i frie inntekter sett i høve til 2019, som tilsvarar ei auke på 3,932 millionar kroner. Auke i frie inntekter syner ei relativt svak utvikling sett i lys av auka folketal, innlemming av øyremerka tilskot og lønnsoppgjer.

Innlemming av øyremerka tilskot til helsestasjon- og skulehelsetenester, auka lærartettleik og friviljugsentralar utgjer 1,147 millionar kroner.

Overføringane frå staten og skatteinntektene er kommunen sine største inntektsposter og dei blir mest påverka av endringar i folketal og skatteinngangen for landet.

Rentenivå – prognose

Kommunen tek utgangspunkt i rentenivået som Kommunalbanken prognostiserer på budsjetteringstidspunktet, da vi har alle låna der, med unntak av skulen. Vi fekk varsel om auke i lånerenta på 0,25% på skulen i budsjettinnsputen og heva derfor budsjetterte renteutgifter litt utover prognosen til Kommunalbanken.

Endring i rentenivået vil påverke netto finansresultat merkbar, og ei endring på 0,25% vil svekke netto finansresultat med opp mot 0,5 millionar kroner, avhengig av gjennomsnittleg innestående i bank og lån. Det har variert om prognosen endrar seg i positiv eller negativ retning. Siste oversikt syner ein senkande tendens. Historia syner at brå endringar kan skje, siste gong under finanskrisa.

Lønssoppgjer i 2020

Løn er den klart største utgiftsposten til kommunen. Alle ansvarsområde skal legge inn lønsauke i budsjettet og det er lagt til grunn ein datolønsvekst på 3 %. Avvik i lønssoppgjeret vil også påverke skatteinntektene og inntektsutjamninga, og delvis begrense effekten av eit eventuelt avvik.

Det er på mange måtar knytt større usikkerheit til pensjonskostnader, og spesielt årleg reguleringspremie. Skjåk kommune har avsett 3 millionar kroner for å kunne dekke inn ei brå endring i reguleringspremie.

Kraftinntekter

Skjåk kommune har store kraftinntekter og disse er omtala i eige punkt i dokumentet. Skjåk kommune har inngått nye avtaler med Skjåk energi i forbindelse med overgangen til aksjeselskap. Naturressursskatt og

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

konsesjonsavgift er relativt stabile inntekter. Egedomsskatten har variert mykje dei siste åra, nedover i perioden 2014 - 2019, men i år får vi truleg meir inntekter. Skjåk energi AS vert skattelagt for egedomsskatt, fordi dei går over til å bli aksjeselskap.

Konsesjonskrafta kan svinge svært mykje med pris og produksjon. Inntektene skal tilfalla kommunen i sin heilhet og det er budsjettert med 4,8 millionar kroner i inntekter. I lys av historiske inntekter er det i gjennomsnitt større sjanse for ei oppside enn for ei nedside, med omsyn til avvik i inntektene.

Det er ikkje budsjettert med utbytte frå Skjåk energi AS i og med at samla overføringar har auke gjennom dei nye avtalene.

Kraftskatteutvalet har føreslege dramatiske endringar for kommunen sine kraftinntekter, som langt på veg raderer ut nytta kraftkommunane har av å stille naturressursar til storsamfunnet sin disposisjon. Dette er først og fremst ein risiko framover i planperioden.

Tilbakeføring av pensjonsmidlar frå KLP

I 2019 er det budsjettert med ei attendeføring frå premiefond på 2,870 millionar kroner, vurdert ut frå kva vi faktisk har fått dei siste åra. Det er viktig å merke seg at KLP berre garanterer ei attendeføring på 720.000 kroner. Risikoen er knytt til at ein i verste fall kan få over 2 millionar kroner mindre enn budsjettert, dersom avkastninga i KLP blir svak.

Vurdering

Kvart enkelt risikoelement kan isolert sett ved ei dårleg utvikling fjerne eit korrigert netto driftsresultat på 1 %. Samla risiko for endring i høve til budsjett når det gjeld rammeoverføringar, lønsutvikling, kraftinntekter, reguleringspremie pensjon og tilbakeføring frå KLP er stor. I tillegg har kommunen tiltak for å tilpasse ressursbruken, som og inneber risiko for avvik. Med bakgrunn i fleire og store element av risiko, meiner kommunedirektøren at det er særleg viktig at vi ikkje legg korrigert netto driftsresultat lågare enn 1 % av omsetnaden.

Prinsippa for budsjettering

I samsvar med § 6 i «Forskrift om årsbudsjett» skal det gjerast reie for dei grunnleggjande prinsippa kommunen nyttar ved framstillinga av årsbudsjettet, herunder ei omtale av organiseringa av arbeidet.

Kvar enkelt leiar for ansvarsområde budsjetterer på detaljnivå med utgangspunkt i tildelte rammer og budsjetta vert deretter konsolidert opp. Det er slikt sett fullt samsvar mellom detaljbudsjett og hovudoversikter til kvar tid.

Det føreliggande dokumentet er utarbeidet i samsvar med kommunelovens § 44, som fastslår at kommunen skal utarbeidd en økonomiplan som omfattar minst de fire neste budsjettårene. Vidare slår plan- og bygningsloven § 11-1 fast at kommuneplanen skal ha en handlingsdel, som angir korleis kommuneplanen skal følges opp i planperioden, og denne handlingsdelen skal reviderast årleg.

Budsjettprosessen

Budsjettprosessen vart vedteke i kommunestyresak 22 i mars 2019, og vedtaket gjev viktige føringar for framdrifta i arbeidet med budsjett og økonomiplan. Dei viktigaste elementa i prosessvedtaket er tildeling av rammer i juni, budsjettforslag frå leiarar i september, balanse i budsjettet i oktober, ferdigstilling av dokument i november og politisk handsaming i desember.

Det er gjennomført dialogkonferanse med deltakarar frå administrasjon og politikarar på Sota i juni månad, der handlingsregel for korrigert netto driftsresultat var eit viktig tema. Det vart og vedteke premiss for aktuell handlingsregel i etterkant, med eit korrigert netto driftsresultat på 0,5 % i 2020. I saka var det og lagt til grunn at korrigert netto driftsresultat skulle auka med 0,5% kvart år, til det når 3% , som er i samsvar med vedteke langsiktig handlingsregel.

Proessen har stort sett følgt vedteken plan. Den administrative presentasjonen er 21 november og det er planlagt at kommunestyret skal handsame dokumenta den 19 desember.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Økonomi

Overordna mål og handlingsreglar

Det er vedteke eigne økonomiske mål i form av handlingsreglar for kommunen i kommunestyresak 39/2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum tilsvara minst 3 % av brutto driftsinntekter.
- Brutto lånegjeld skal vere innanfor 100 % av driftsinntektene på sikt. Gjeldsgraden skal reduserast frå inntil 115 % i 2017 til 100 % i 2026, ein reduksjon på 1,5 % kvart år. Dette inneber at gjeldsgraden skal vere maksimalt 110,5% i 2020.
- Frie midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvara ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettforslag inneheld følgjande økonomiske hovudmål i høve til vedtekne handlingsreglar for 2020;

Netto driftsresultat	Gjeld brutto	Frie midlar likviditet
<ul style="list-style-type: none">• Mål + 0,5%• Forslag 1,0 %	<ul style="list-style-type: none">• Mål 110,5 %• Forslag 106,6 %	<ul style="list-style-type: none">• Mål 8,33 %• Forslag 7,52 %

Korrigert netto driftsresultat har vore handsama i eige kommunestyresak i juni, der målet er at vi skal opp frå om lag 0% til 0,5 % og deretter auke med 0,5 % kvart år inntil vi når 3%, som er det overordna målet på sikt.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Resultatgrad


	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Netto driftsresultat	3 276 833	3 313 000	10 115 000	1 815 000	5 746 000	5 713 000
Netto driftsresultat i % av omsetnad	1,4 %	1,4 %	4,2 %	0,8 %	2,4 %	2,4 %
Netto premieavvik pensjon	-1 253 234	-3 397 000	-6 672 000	2 589 000	-432 000	-507 000
Korrigert netto driftsresultat for premieavvik	2 023 599	-84 000	3 443 000	4 404 000	5 314 000	5 206 000
Korr. netto driftsres. i % av omsetnad	0,9 %	0,0 %	1,4 %	1,8 %	2,2 %	2,2 %
Netto bruk / avsetting fond prosjekt 900 Flyktning	1 294 624	175 000	1 018 000	907 000	16 000	-719 000
Korrigert netto dr.res. for premieavvik og P900	728 975	-259 000	2 425 000	3 497 000	5 298 000	5 925 000
Korr. netto driftsres. i % av omsetnad	0,3 %	-0,1 %	1,0 %	1,5 %	2,2 %	2,5 %

Budsjettforslaget legg til grunn ei resultatutvikling der vi oppnår målet om eit korrigert netto driftsresultat på 0,5% i 2020, som deretter skal auke med minst 0,5% kvart år i planperioden. Oversikta over syner at premissene i kommunestyresak 51/2019 er oppfylt og vel så det. Forslaget inneber vidare at kommunen har betre evne til å eigenfinansiere mindre investeringar. Forslaget tek også høgde for å kunne klare større investeringar i Skjåkhallen, trinn 1 og ny barnehage, sistnemnde truleg først i 2024.

Betring av resultatet og rom for nye avdrag og investeringar har medført at vi har føreslege tilpassingar i drifta både i 2020 og framover. Vi har likevel eit godt driftsnivå og høg kvalitet på tenesteytinga.

Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld i millionar kroner ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden 2009 – 2018.



Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Kommunestyret har vedteke handlingsregel på låneopptak, der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 110,5 % av omsetnad i 2020. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % fram til 2026. Mange fagfolk anbefaler ei renteberande gjeld på maksimalt 70% av omsetnaden. Kostra gruppe 3, landet utanom Oslo og Oppland har ei brutto lånegjeld som er litt lågare enn Skjåk, henholdsvis -10,3%, -3,2% og -9,3%.

Skjåk kommune sin gjeldsgrad inneber høg renterisiko med flytande rente. Lånerenta er no svært låg, men seinast i 2008 var den over 8 %. Rentebinding kan vurderast. Binding av renta blir normalt litt meir kostbart på kort sikt, men vil redusere renterisikoen. Det er viktig at kommunestyret er klar over og bevisst på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

Det ligg an til at gjelda er vel 261 millionar kroner ved utgangen av 2019. Avhengig av omsetnad vil truleg gjeldsgraden vere om lag i samsvar med målet i 2019, som er 112 % av omsetnaden. Vi har auka lån til tomtfinansiering gjennom 2019, utanom økonomiplan.

Eit bilde på utvikling i gjeldsgrad kan sjå slik ut;

År	2020	2021	2022	2023
Inntekter deflatorjustert	240 167 000	244 946 000	249 717 000	255 109 000
Lån	255 914 000	264 700 000	251 436 000	269 111 000
Budsjettføresetnader	106,6 %	108,1 %	100,7 %	105,5 %
Vedteke mål	110,5 %	109,0 %	107,5 %	106,0 %

Føresetnader for berekning; låneopptak til flaumsikring og bygging av trinn 2 og 3 Skjåkhallen er ikkje med. Merk at eit eventuelt låneopptak til flaumsikring vil endre bildet på gjeldsgrad svært mykje. Inntektene er justerte for deflator med 2,5 % kvart år i perioden 2021 – 2023.

For å halde oss innanfor måla om gjeldsgrad er vi på grensa til å få plass til trinn 1 Skjåkhallen i 2021, og barnhage kan truleg byggjast først i 2024. Ved eventuell bygging av trinn 2 og 3 Skjåkhallen er gjeldsgraden førebels rekna til knapt 116 % i 2023.

Det er fleire faktorar som spelar inn på gjeldsgraden, både endring i omsetnad, inflasjon, låneopptak utanom økonomiplan, ekstraordinær nedbetaling, reprojektering av investeringar og evne til å eigenfinansiere mindre investeringar.

Gjeldsgraden blir fastsett kvart år ved avlegging av rekneskap og vurdert i arbeidet med økonomiplan, og denne vurderinga må gjerast minst kvart år, i og med at fleire faktorar spelar inn og endrar bildet undervegs.

Likviditet

Gjennom handlingregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

- Likviditetsreserven kan vere ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får bråe reduserte inntekter eller uføresett kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnader før inntekter.

Sett over ei 10 års periode, så vil Skjåk kommune truleg ha ein omsetnad på godt over 2,4 milliardar kroner med dagens kroneverdi og driftsnivå. I eit slik perspektiv utgjer likviditetsreserven godt under 1% av 10 års omsetnaden, men den er svært viktig med omsyn til å ha evne til å saldere budsjettet på kort sikt og dekke opp eventuelle underskot på rekneskapen. Det er viktig at ein tek vare på og ikkje byrjar å trekke på likviditetsreserven. Det er svært utfordrande å byggje opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve er for tida er 17,439 millionar kroner inkludert prinsippendingar og utgjer 7,52 % i høve til brutto driftsutgifter. Handlingsregel på 8,33 % utgjer 19,323 millionar kroner, og vi manglar knapt 1,9 millionar kroner for å nå handlingsregelen. Likviditetsreserven er likevel på eit godt nivå , samanlikna med andre kommunar.

Det er ikkje budsjettert med avsetting til likviditetsreserve for å nå målet. Vi har normalt avsett deler av eit eventuelt mindreforbruk for å styrke likviditetsreserven.

Handlingsrom

Budsjett og økonomiplan er lagt opp for betre korrigert netto driftsresultat og betre handlingsrommet, slik at vi klarer å gjennomføre naudsynte investeringar og eigenfinansiere mindre investeringar. Tilpassingar og justering av driftsnivået er naudsynt for å skaffe handlingsrom til nye satsingar.

Vi ligg tett opp til handlingsreglane både på korrigert netto driftsresultat, gjeldsgrad og likviditetsreserve. Eit korrigert netto driftsresultat på 3 % er eit minimumsnivå på sikt, og gjeldsgraden er eit tak på kor høg gjeldsgraden kan vere.

Avvik i høve til budsjett kan endre handlingsrommet. Oppgjer av konsesjonskraft kvart år og eventuelt utbytte kan gje noko ekstraintekter når straumprisen er høg over tid. Avvik i ressursbruk i tenestene, endra ressursbehov, endra rentenivå, reguleringspremie pensjon, tilbakeføring frå pensjonskassene, lønsoppgjer, utvikling i kraftinntekter og overføringar frå staten er viktige faktorar for utviklinga i handlingsrommet.

Kommunen har godt handlingsrom, men ressursane er i stor grad bunde opp til kvar tid. Handlingsrommet ligg derfor i evne til tilpasse seg endra behov, vilje til å tenke nytt for å utvikle tenestene og gjere omprioriteringar.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Drift og rammebetingelsar

Hovudoversikt

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	75 767 628	78 775 000	83 115 000	83 115 000	83 115 000	83 115 000
Inntekts- og formuesskatt	47 593 585	47 917 000	49 318 000	49 318 000	49 318 000	49 318 000
Eiendomsskatt	14 850 177	14 000 000	16 400 000	16 400 000	16 400 000	16 400 000
Andre skatteinntekter	19 562 085	19 370 000	19 450 000	19 450 000	19 450 000	19 450 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	16 713 118	9 622 000	6 142 000	4 992 000	3 902 000	3 152 000
Overføringer og tilskudd fra andre	34 045 747	34 272 000	36 047 000	35 872 000	35 674 000	35 634 000
Brukerbetalinger	8 579 789	10 107 000	9 869 000	9 869 000	9 869 000	9 869 000
Salgs- og leieinntekter	19 859 554	18 410 000	19 826 000	19 956 000	19 956 000	19 956 000
Sum driftsinntekter	236 971 683	232 473 000	240 167 000	238 972 000	237 684 000	236 894 000
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	137 239 540	132 361 000	127 445 000	125 317 000	124 344 000	123 024 000
Sosiale utgifter	26 545 315	27 612 000	24 085 000	32 994 000	29 789 000	29 386 000
Kjøp av varer og tjenester	55 106 823	47 823 000	52 871 000	52 510 000	52 442 000	52 138 000
Overføringer og tilskudd til andre	13 380 725	13 070 000	12 892 000	13 052 000	12 924 000	12 894 000
Avskrivninger	12 655 456	13 109 000	14 675 000	14 675 000	14 675 000	14 675 000
Sum driftsutgifter	244 927 858	233 975 000	231 968 000	238 548 000	234 174 000	232 117 000
Brutto driftsresultat	-7 956 175	-1 502 000	8 199 000	424 000	3 510 000	4 777 000
Finansinntekter						
Renteinntekter	9 287 644	7 868 000	5 059 000	5 206 000	5 364 000	5 388 000
Utbytter			40 000	40 000	40 000	40 000
Gev/tap fin. oml. (Netto flytta poster 2018/2019)	-373 236	20 000	0	0	0	0
Renteutgifter	4 400 877	5 532 000	6 770 000	6 766 000	6 079 000	6 392 000
Avdrag på lån	6 682 450	10 610 000	11 088 000	11 764 000	11 764 000	12 775 000
Netto finansutgifter	-1 422 447	-8 294 000	-12 759 000	-13 284 000	-12 439 000	-13 739 000
Motpost avskrivninger	12 655 456	13 109 000	14 675 000	14 675 000	14 675 000	14 675 000
Netto driftsresultat	3 276 833	3 313 000	10 115 000	1 815 000	5 746 000	5 713 000
Netto driftsresultat i % av omsetnad	1,4 %	1,4 %	4,2 %	0,8 %	2,4 %	2,4 %
<i>Netto premieavvik pensjon</i>	<i>-1 253 234</i>	<i>-3 397 000</i>	<i>-6 672 000</i>	<i>2 589 000</i>	<i>-432 000</i>	<i>-507 000</i>
<i>Korrigert netto driftsresultat for premieavvik</i>	<i>2 023 599</i>	<i>-84 000</i>	<i>3 443 000</i>	<i>4 404 000</i>	<i>5 314 000</i>	<i>5 206 000</i>
<i>Korr. netto driftsres. i % av omsetnad</i>	<i>0,9 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>1,4 %</i>	<i>1,8 %</i>	<i>2,2 %</i>	<i>2,2 %</i>
<i>Netto bruk / avsetting fond prosjekt 900 Flyktning</i>	<i>1 294 624</i>	<i>175 000</i>	<i>1 018 000</i>	<i>907 000</i>	<i>16 000</i>	<i>-719 000</i>
<i>Korrigert netto dr.res. for premieavvik og P900</i>	<i>728 975</i>	<i>-259 000</i>	<i>2 425 000</i>	<i>3 497 000</i>	<i>5 298 000</i>	<i>5 925 000</i>
<i>Korr. netto driftsres. i % av omsetnad</i>	<i>0,3 %</i>	<i>-0,1 %</i>	<i>1,0 %</i>	<i>1,5 %</i>	<i>2,2 %</i>	<i>2,5 %</i>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	4 303 412	770 000	2 795 000	3 766 000	5 255 000	5 638 000
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-1 192 869	2 621 000	5 920 000	-3 341 000	-320 000	-245 000
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-593 639	-78 000	1 400 000	1 390 000	811 000	320 000
Dekning av tidligere års merforbruk (Bruk 2018)	-2 359 642		0	0	0	0
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	157 261	3 313 000	10 115 000	1 815 000	5 746 000	5 713 000
Fremført til inndeckn (merforbruk) mindre 2019	-3 119 572	0	0	0	0	0

Det er ny oppstilling etter krav frå myndigheitane.

Pga ny oppstilling er oversikt over budsjett 2019 og rekneskap 2018 er rekonstruert manuelt, for å kunne samanlikne.

Utlån og motekne avdrag er flytta frå finans til drift frå og med 2020 pga endringar i forskrift.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Korrigert netto driftsresultat er budsjettert til 1,0%, som utgjør vel 2,4 millioner kroner. Målet i 2020 var et korrigert netto driftsresultat på 0,5 %. I planperioden ligger korrigert netto driftsresultat litt over premissene for resultat, som er omtalt i kommunestyressak 51.

Det er ikke lagt inn bruk av fond for å balansere budsjettet. Tilgang og avgang næringsmidler er budsjettert i balanse isolert sett. Bruker vi mindre på nærings saker enn budsjettert, så blir dette avsett til grunnfond.

Videre er det ikke lagt inn bruk av pensjonsfond reserve, til tross for at pensjonskostnadene auker litt. Ellers er det viktig å ta vare på reserveavsetting, som vi har på pensjon.

På pensjon må vi bruke like formidler på sosiale kostnader alle 4 år av systemtekniske årsaker.

Over tid varierer tilbakeføring fra KLP pensjonsfond, men har vært mellom 2,2 og 3,7 millioner kroner de siste årene. KLP stipulerer ei garantert tilbakeføring etter et «worst case scenario» og det utgjør for Skjåk kommune 720.000 kroner i 2020. I budsjettforslaget er det tatt omsyn til reell «historisk» attendeføring og lagt til grunn at vi får 2,870 millioner kroner. Inntektsposten er alltid usikker og innebærer stor risiko.

For å få budsjettet i balanse, legges opp til bedre investeringsevne og bedre korrigert netto driftsresultat, så er det budsjettert med mindre bruk av ressurser i drift. Inntektene er budsjettert offensivt, men realistisk.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Rammer

Rammene til tenestane går fram av tabell;

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019	Regnskap 2018
100 KOMMUNEDIREKTØR	8 309 000	8 309 000	8 309 000	8 309 000	7 385 000	7 534 275
101 KULTUR	0	0	0	0	1 392 000	1 549 610
102 PLAN, MILJØ OG BEREDSKAP	0	0	0	0	4 987 000	4 753 896
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIK	2 444 000	2 444 000	2 444 000	2 444 000	2 087 000	1 676 016
104 ØKONOMI	3 951 000	3 951 000	3 951 000	3 951 000	3 673 000	3 187 846
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJON	0	0	0	0	10 571 000	10 792 244
200 OPPVEKST OG UTDANNING	15 051 000	14 903 000	14 903 000	14 903 000	5 124 000	5 323 166
201 FLYKTNINGAR	1 911 000	872 000	773 000	759 000	4 582 000	5 464 780
211 DØNFOSS BARNEHAGE	4 246 000	4 246 000	4 246 000	4 246 000	3 936 000	3 989 805
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 946 000	3 946 000	3 946 000	3 754 000	3 865 000	3 694 863
213 BISMO BARNEHAGE	5 423 000	5 423 000	5 423 000	5 422 000	4 028 000	4 471 269
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	21 569 000	21 031 000	20 971 000	20 753 000	24 050 000	25 558 826
240 KULTURSKULE	1 787 000	1 787 000	1 787 000	1 787 000	1 805 000	1 959 689
300 HELSE OG OMSORG	2 863 000	2 863 000	2 863 000	2 863 000	2 099 000	1 941 010
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	22 385 000	22 385 000	22 193 000	21 807 000	22 680 000	23 562 507
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	26 013 000	25 330 000	24 839 000	24 423 000	27 376 000	28 674 875
330 HELSETASJON	2 402 000	2 402 000	2 209 000	2 209 000	2 442 000	2 549 890
331 NAV	2 329 000	2 329 000	2 229 000	2 229 000	2 127 000	2 238 994
332 BARNEVERN	2 679 000	2 679 000	2 679 000	2 679 000	2 482 000	2 855 698
350 HELSETENESTER	8 561 000	8 433 000	8 433 000	8 005 000	5 939 000	7 071 204
400 MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	6 923 000	6 923 000	6 923 000	6 923 000	0	0
410 KULTUR	1 437 000	1 437 000	1 437 000	1 437 000	0	0
420 TEKNISK VAR	4 269 000	4 269 000	4 249 000	4 269 000	4 394 000	3 738 736
430 TEKNISK DRIFT	24 132 000	23 832 000	23 832 000	23 832 000	23 720 000	22 900 705
450 LANDBRUK OG NÆRING	166 000	166 000	166 000	166 000	166 000	141 450
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-172 796 000	-169 960 000	-168 805 000	-167 170 000	-170 910 000	-175 631 352
TOTALT	0	0	0	0	0	0

Ansvar 101, 102, 150 er reorganisert til hovudsakleg ansvar 200 og 400.

- Det er lagt opp til reduksjonar i flyktningbudsjettet, både når det gjeld inntekter og utgifter.
- Det er driftstilpassingar på fleire ansvar for å få råd til investeringar og betre korrigert netto driftsresultat. Endringane er omtala av kommunalsjefane i eigne punkt.
- På barnehagane er det lagt opp til 6 born per vaksen, som er norma.
- Fellesområde finans og overføringar får redusert netto resultat, blant anna på grunn av redusert integreringstilskot og auka avdrag og renter.
- Budsjettet på Teknisk aukar på grunn av auka avskrivningar.
- Landbruk og næring er finansiert frå næringsfondet.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Løn og pensjon

Budsjett for løn og pensjon;

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Lønnsutgifter	137 239 540	132 361 000	127 445 000	125 317 000	124 344 000	123 024 000
Sosiale utgifter	26 545 315	27 612 000	24 085 000	32 994 000	29 789 000	29 386 000

Det er lagt opp til reduserte lønskostnader gjennom tiltak for å betre korrigert netto driftsresultat og for å nå handlingsregel som er vedteke av kommunestyret. Ei tilpassing av driftskostnadane er også viktig for å klare investeringsplan.

Pensjonskostnadane kan variere svært mykje med den årlege reguleringspremien, som blant anna bygger på datolønsveksten. Både reguleringspremie, tilbakeføring av avkastning frå pensjonsfonda og premieavvik kan vise store variasjonar dei ulike åra og gjer budsjettertinga ekstra utfordrande.

Premieavviket¹ medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må først slik myndigheitene har bestemt. Premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Føringane går i 0 over 2 år, men påverkar netto driftsresultat det einkilde år. Premieavviket påverkar dei sosiale kostnadene og netto driftsresultat, men blir utjamna mot fondsføring, slik at dei normalt ikkje påverkar budsjettbalansen.

Årleg reguleringspremie² pensjon har historisk ofte vore høg ved lønnsoppgjer og låg ved mellomoppgjer. Dei åra vi har låg reguleringspremie, så har vi avsett midlar for å bruke dei i åra det er høg reguleringspremie. På denne måten får vi jamna ut svingingane i reguleringspremien. Dei siste åra har datolønsveksten vore låg og det har vore mindre differanse mellom hovud- og mellomoppgjer. Kommunen har ein avsett reserve på 3 millionar kroner, for å kunne dekkje ein uførutsett auke i reguleringspremie.

Kraftinntekter

Skjåk kommune får årlege kraftinntekter som styrkar driftsnivået og gjev fast innkøst på næringsfondet. Oppstilling av kraftinntektene er som fylgjer;

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019
1877 KONSESJONSAVGIFT	7 450 000	7 450 000	7 450 000	7 450 000	7 370 000
1370 KJØP AV TENESTER/DRIFSAVTALER	-120 000	-120 000	-120 000	-120 000	0
1892 KOMPENSASJON FOR OVERFØRTE KRAFTRETT	4 800 000	4 800 000	4 800 000	4 800 000	4 800 000
1874 EIGEDOMSSKATT (UTREKK KRAFT)	15 094 000	15 094 000	15 094 000	15 094 000	14 000 000
1878 NATURRESURSSKATT	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
1903 RENTER AVTALEKRAFT SKJÅK ENERGI	2 557 000	2 730 000	2 892 000	3 045 000	2 325 000
1927 AVDRAG PÅ ANDRE UTLÅN	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	5 225 000
SUM BRUTTO INNTEKTER	43 781 000	43 954 000	44 116 000	44 269 000	45 720 000
1500 AVDRAG OG RENTER AVTALEKRAFT	3 138 000	3 045 000	2 916 000	2 857 000	2 829 000
SUM NETTO INNTEKTER	40 643 000	40 909 000	41 200 000	41 412 000	42 891 000

- Gamalt lån er innløyst i 2019, art 1927.

¹ Premieavvik er teknisk føring av differansen mellom innbetalt premie med frådrag for berekna pensjonskostnad i pensjonskassene og går i 0 over 2 år.

² Reguleringspremie er ei årleg innbetaling for å justere opp opparbeida pensjonsmidlar etter lønnsauke mm.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

- Det skal vere sluttoppgjjer på konsesjonskraft, art 1892 frå og med 2019
- Det kan bli utbytte, eventuelt art 1905.
- Inntekter frå naturressursskatt forsvinn i stor grad i redusert inntektsutjamning på rammeoverføringane, art 1878.

Skjåk kommune har budsjettert med høgare eigedomsskatt i 2020, både på grunn av at Skjåk energi har blitt aksjeselskap og fordi vi får litt høgare inntekter knytt Øyberget og Framruste.

Det er inngått nye avtalar med Skjåk energi frå 2019 som regulerer overføringar mellom kommunen og kraftselskapet i 2020 og framover.

Investeringar

Samleoversikt

Investeringar bruttokostnader	Ans	Ten	Pro	2020	2021	2022	2023	
Skjåk barnehage	1	430	2210	778			40 000 000	
Dønfoss barnehage ombygging	2	430	2211	430	500 000			
Skjåkhallen (grovt oppjustert pga prisendringar)	3	430	3810	420		30 000 000	14 000 000	
Flombelysning Bismo stadion	4	430	3810	287			1 000 000	
Eigendel flaumsikring	5	102	3609	440				
Utskifting av gateljosarmatur	6	420	3333	228	500 000	500 000		
Nødstraum aggregat	7	430	1300	124			100 000	
Minigraver med tilhenger	8	430	1902	208		420 000		
4 institusjonspl. til 2 omsorgsleiligheter, forpr	9	430	2653	214	500 000			
3 bustadar (sal av inntil 7 som delfinansiering)	10	430	2650	450	9 000 000			
Regiondata	11	150	1205	115	1 025 000	250 000	250 000	
IKT utstyr skulen (smartboard)	12	220	2020	110	500 000			
Bilpark	13	310	2543	298	1 500 000	1 400 000	1 000 000	
Eigenkapitalinnskott KLP	14	600	1720	615	795 000	800 000	800 000	
Avdragsutgifter startlån	15	600	2833	601	1 400 000	1 450 000	1 500 000	
Aurmo industrområde, elgvegen, asfaltering	16	420	3331	213	200 000			
Renovering og tilbygg Bismo vassverk	17	420	3401	416	300 000	3 000 000		
Uppnose - nytt vassverk inkludert prosjektering	18	420	3404	293	5 000 000			
Marlo renseanlegg, slamavskiller	19	420	3505	289			500 000	
Bismo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kum	20	420	3531	413		3 000 000		
Aurmo avløpsnett, utbetre ledningsnett og kum	21	420	3532	414		2 000 000		
Sum totalt					21 220 000	39 820 000	20 550 000	77 200 000
Sum samla alle 4 år							158 790 000	

Merknader;

- Skjåkhallen trinn 2 og 3 ligg inne i budsjettet, men må eventuelt gjennomførast seinare på grunn av gjeldsgrad
- Barnehage får vi truleg råd til fyrst i 2024
- Berre forprosjekt ligg inne på Dønfoss barnehage og ombygging frå institusjonsplassar til leilegheiter
- Ein eventuell eigendel på flaumsikring ligg ikkje inne i budsjettet og kan endre gjeldgraden vesentleg

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Skjåkhallen

Skjåkhallen er den viktigaste sosiale møteplassen i Skjåk og samlar hundretals barn, ungdom og vaksne kvar veke til ulik fysisk aktivitet på tvers av interesser og alder. Ein slik møteplass med tilhøyrande aktivitetstilbod utgjør ein sterk positiv faktor innan det offensive proaktive folkehelsearbeidet.

Skjåkhallen er eit solid bygg, men etter å ha vore i drift i 40 år utan større påkostingar, er tida komen for bygningsmessige utbetringar og utskifting av tekniske installasjonar. Dersom ikkje renovering av Skjåkhallen blir prioritert nå vil ein merke aukande forfall, bygget og dei tekniske installasjonane vil snart vere umoglege å drifte.

Sintef Byggforsk vart i 2017 bestilt til å utrede tilstanden til betongkonstruksjonar og fliskleddede flater i symjehallen. I følgje rapporten som er utarbeidd av Sintef Byggforsk er tilstanden på desse bygningsdelane gode og vil fungere i fleire år med regelmessig vedlikehald. I tillegg gjorde Sintef Byggforsk ei vurdering på dei tekniske installasjonane, der dei tilrår ei oppgradering. Sintef Byggforsk er kritiske til driftsforma med stadig endring av temperaturen i bassengvatnet.

I kommunestyresak sak 23/17 vart det gjort vedtak på å utarbeide eit kostnadsoverslag for renovering av eksisterande bygg, inkludert ENØK-tiltak, oppgradering av branntekniske løysingar og dusj-/garderobeløysingar for personer med nedsett funksjonsevne. Kostnadsoverslaget skulle byggjast opp slik at renovering skal kunne skje etappevis.

Nordplan AS ble engasjert for å tilpasse skisseprosjektet frå 2014 til å gjelde renovering av bygget med dei tilpassingar som ligg i mandatet og nytt kostnadsoverslag. I tillegg til renovering av bygget har tilbygg for terapibasseng vore vurdert. Likeså påbygg på taket over midtfløy for matte- og styrketrening.

Kostnadsoverslaget har følgjande oppbygging:

INVESTERING	Byggetrinn 1. Vestfløy (svømmehall)					Byggetrinn 2. Terapibasseng	Byggetrinn 3. Austfløy (idrettshall) og mellombygg				Totalt
	Renovering svømmehall	Teknisk rom og 2 etg.	Heis og HC garderobe	Garderober kjeller	Oppgradering til TEK 10		Oppgradering til TEK 10 og renovering	Hallgolvg og tribune	Ny kiosk	Garderober mellombygg	
KOSTNAD											
Rammekostnad eks mva	5 534 386	5 306 853	2 026 560	2 232 000	5 210 706	9 524 403	16 960 000	1 000 000	520 000	4 832 000	53 146 908
Mva komp	1 383 596	1 326 713	506 640	558 000	1 302 677	2 381 101	4 240 000	250 000	130 000	1 208 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	6 917 982	6 633 566	2 533 200	2 790 000	6 513 383	11 905 504	21 200 000	1 250 000	650 000	6 040 000	66 433 635

Ein del av desse tiltaka vil kunne delfinansierast med spelemidlar og det er sendt søknad om idrettsfunksjonell godkjenning. Terapibasseng kan delfinansierast med spelemidlar dersom minstemålet er på minimum 12,5 x 8,5 m. Terapibassenget som er kostnadsrekna i byggetrinn 2 er på 57 m² og fell derfor utanfor minstemålet for spelemiddelfinansiering. Enøk-tiltak vil kunne delfinansierast med ENOVA-midlar. Finansiering vil etter oppstilling over sjå slik ut, dersom ein får om lag 1/3 i tilskot;

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

INVESTERING	1 trinn	2 trinn	3 trinn	Totalt
KOSTNAD				
Rammekostnad eks mva	20 310 505	9 524 403	23 312 000	53 146 908
Mva komp	5 077 626	2 381 101	5 828 000	13 286 727
Rammekostnad inkl mva	25 388 131	11 905 504	29 140 000	66 433 635
FINANSIERING				
Mva.komp	-5 077 626	-2 381 101	-5 828 000	-13 286 727
Spelemidler	-6 702 467		-7 692 960	-14 395 427
Lån	-13 608 038	-9 524 403	-15 619 040	-38 751 481
Sum finansiering	-25 388 131	-11 905 504	-29 140 000	-66 433 635

Kor mykje vi får i spelemidler er usikkert og dette kan bli mindre enn det som er stipulert.

Sidan kalkylane er frå 2014 og prisnivået har endra seg ein del sidan den gong, er prisane oppjustert i samleoversikt for investeringar.

Vatn, avlaup og renovasjon

Det er egne planar for vatn, avlaup og renovasjon både når det gjeld investeringar og vedlikehald.

Gateljos

Dei fleste av gateljosa i Skjåk kommune er kvikksylvlampar, såkalla HQL-pærer. Desse er nå forbodne og er ikkje å oppdrive lenger. Mykje av gamle armatur er no skifta, det er viktig at dette arbeidet vert fullført for heile kommunen for å redusere straumforbruk og driftskostnader.

Vatn og avløp

Vassverka i Bismo, Uppnose og Øyberget står ovanfor nødvendige oppgraderingar i tida som kjem. Skjåk kommune har fått krav frå Mattilsynet om at UV-anlegga i Uppnose og Bismo må utskiftas, da desse ikkje lenger er godkjente. Uppnose vassverk er ikkje tilknytt drifts overvaking, bygning og installasjonar er moden for oppgradering. Øyberget vassverk må utvidast om ein skal kunne forsyne heile området inkludert Dønfoss camping med vatn når dei vert utvida. Våren 2019 vart ei prøvehol bora som ga opplyftande resultat, VA driv prøvepumping av dette for å få avklaring på kva installasjon som er nødvendig på Dønfoss vassverk. Kjelda til Øyberget er svært ustabil og ein må erstatte denne.

Det er stort fokus på leidningsnett frå sentrale hald. Nasjonale mål seier at 2 % av leidningsnettet skal skiftast ut kvart år. Landsgjennomsnitt for lekkasjar er på ca. 30 %, og ein ligg på om lag dette nivået i Skjåk også. Det blir sett fokus å utskifting av leidningsnett både i Bismo og Aurmo i åra som kjem.

HFF bustader

Prosjektet består av riving av eksisterande bygg og bygging av 3 heildøgns omsorgsbustader og 3 avlastningsplassar under same tak. I tillegg skal det byggast eit frittstående leilegheitsbygg med to omsorgsbustader som ligg rundt same tunet og i umiddelbar nærleik til hovudbygget.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Prosjektet har ei brutto kostnadsramme på 35 millionar kroner, og det er gjeve tilsegn om investeringstilskott frå Husbanken på inntil 13,2 millionar kroner. Prosjektet blir ferdigstilt i desember 2019 og vil bli teke i bruk i januar 2020.

Barnehagestruktur

Kommunestyret vedtok framtidig barnehagestruktur i sak 81 i 2017. Medan ein ventar på gjennomføring av barnehageutbygginga er det vedteke å leige inn modulbygg til Bismo barnehage for å auke kapasiteten, jamfør kommunestyresak 50 i 2018. Bygging av ny barnehage er avhengig av reduserte kostnader eller auka inntekter for å få plass til nye avdrag og renter. Investeringa ligg førebels inne sist i planperioden.

Det er politisk vedtak på at det skal vere vidare barnehagedrift ved Dønfoss naturbarnehage. For å imøtekome dette, må det til ein del bygningsmessige endringar og utbetringar. Det er behov for å oppgradere og utvide arealet for dei tilsette ved barnehagen med personalrom, garderober og kontorplassar. I tillegg er det behov for et nytt stellerom, og tilgang på vatn i tilknytning til småbarnsavdelinga.

Det er utarbeidd to alternativ til oppgradering og ombygging av Dønfoss naturbarnehage. Alternativ 1 med tilbygg mot nord og alle funksjonar på eitt plan. Alternativ 2 utan tilbygg der ein tek i bruk rom i kjellaren til garderobe og kontorplassar. Dette alternativet set krav om heis i bygget. Kostnadmessig kjem både alternativa om lag likt ut.

Sentrumsplan

Kommunestyret godkjente i 2011 revidert sentrumsplan for Bismo som inneheld både nye tiltak og vedlikehald av eksisterande infrastruktur. Av større tiltak er fortau langs nordsida av riksveg 15, ny bussterminal, ny bussoppstillingsplass ved ungdomskulen og skatepark gjennomført. Sentrumsutvikling er ein viktig del av samfunnsutviklinga, og påverkar trivnaden både til dei som bur i og utanfor sentrum i Skjåk. Sentrumsutforminga er og viktig med tanke på besøkande.

I 2017 har ei arbeidsgruppe lagt fram ein rapport med tiltak som supplerer gjeldande sentrumsplan. Miljø- og næringsutvalet har prioritert kva tiltak ut frå denne supplerande planane som skal gjennomførast.

Prioriterte oppgåver:

- Banner/vimplar langs rv. 15 ved større arrangement
- Stenge Almenningsvegen forbi 1-10 skule
- Opprustning av portalar langs rv. 15, blomster og utsmykking langs rv. 15
- Tilrettelegging med stig til Huldreholet
- Parkeringsplasser ved bussterminal
- Restaurering Skeimoplassen, asfalt, belegningsstein, kantstein, beplantning

Nokre av tiltaka er gjennomført. Det er fleire av desse tiltaka er så store at det krev eiga løyving før ein kan starte.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Tomteområde

Aurmo og Uppnose har ledige utbyggingsklare tomter. I Bismo vart det i trinn 2 for Skei lagt til rette for 21 nye bustadtomter ovanfor Skjåkheimen. 6 av desse er øyremarka kommunalt bruk og 7 er bebygde. Det er da att 8 tomter og 2-3 av desse er vanskeleg å få selt, fordi dei er bratte og har dårleg grunn. Trinn 3 vil gje 10 nye tomter ovafor det gamle gardstunet i Skei. Arbeidet med å bygge ut Skei 3 starta hausten 2019 og tomtene vil vere byggeklare våren 2020. Kostanden med å bygge ut Skei 3 kjem på om lag 4,5 millionar eks. mva.

Området som er omfatta av tidlegare Skamsar camping er under omregulering og vil gje 7 bustadtomter og eit areal på 4 dekar som er tenkt nytta til omsorgsbustader.

Kommunen har erverva arealet til omsorgsbustader og dei 5 tomtene som ikkje er bygd på og det er enkelt å gjera området byggjeklart.

Ombygging av institusjonsplassar

Det har i lengre tid vore overkapasitet på institusjonsplassar på Skjåkheimen. Det blir sett i gang eit arbeid der ein ser på moglegheit med enkle grep bygge om institusjonsplassar til omsorgsbustader.

Balansepostar

Eigedomar og anlegg

Skjåk kommune har over tid bygd nye og teke godt vare på sine anlegg. Kommunen har ei stor og funksjonell bygningsmasse, langt betre enn kommunar som er vesentleg større enn oss. Dei siste åra har det vore gjennomført fleire store investeringar, som har auka kvaliteten og funksjonalitetet på bygningsmassen.

Skjåkhallen er klar for renovering og det er viktig at vi klarer å finansiere trinn 1 i 2021. Det er og ynskje om å bygge ny barnehage, og tiltaket ligg inne sist i planperioden, men kan truleg gjennomførast fyrst i 2024.

Fond

Fondsituasjon ved utgangen av oktober 2019 for udisponert kapital;

- På næringsfondet står det att vel 944.000 kroner etter løyvingar til og med oktober. Fondet får påfyll med vel 7,4 millionar kroner ved årsskifte. Grunnfondet er på 3,321 millionar kroner.
- Disposisjonsfondet er brukt opp.
- På ubunde investeringsfond står det igjen 4,416 millionar kroner etter oktober, inkludert plassering av midlar referert i kommunestyresak 62. Midlane er føresettt brukt til investeringar i økonomiplan.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Det blir lagt fram full oversikt over fonda både samla og på detaljert nivå når rekneskapen for 2019 blir lagt fram.

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omløpsmidlar som bankinnskott, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvarar likviditetsreserve, fond og siste års resultat.

Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

Kortsiktig eigenkapital - arbeidskapital	2018	2017	2016	2015	2014
Omløpsmidler	122 465 033	125 421 303	125 361 537	120 926 443	142 551 959
Kortsiktig gjeld	-33 936 481	-41 011 097	-36 116 558	-34 156 329	-29 897 693
Ubrukte lånemidlar	-19 795 938	-15 854 918	-20 341 717	-19 576 800	-37 690 230
Arbeidskapital aktiva	68 732 613	68 555 288	68 903 262	67 193 314	74 964 036
Likviditetsreserve	-17 939 000	-16 939 000	-16 139 000	-14 195 984	-15 839 000
Fondsmidlar	-48 174 041	-49 256 645	-47 177 925	-46 550 751	-51 236 557
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-3 119 572	-2 359 642	-5 586 336	-6 446 579	-7 888 479
Disponible midlar passiva	-69 232 613	-68 555 288	-68 903 261	-67 193 314	-74 964 036

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, blant anna på grunn av høg likviditetsreserve.

Arbeidskapitalen forventast å vere stabil framover i planperioden. Det blir ny oppdatering for 2019 når rekneskapen blir avlagt.

Premieavvik³ pensjon påverkar arbeidskapitalen det einskilde år, men blir utlikna året etter.

Framtidsutsikter økonomi

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med gode anlegg, høge kraftinntekter og høgt driftsnivå på tenestene.

Vi har rigga økonomiplan og budsjett for framtida, slik at vi skal ha eit betre korrigert netto driftsresultat og betre investeringsevne. Til tross for driftstilpassingar, så har vi høgt nivå på tenestene. Folketalet har vist auke både i 2018 og 2019. Det er inngått ny avtale med Skjåk Energi og kraftinntektene er litt betre, både relatert til den nye avtala og for eigedomsskatt.

Utfordringane er over tid knytt til å gjennomføre driftstilpassingar som planlagd. Det er naudsynt med god planlegging for å betre korrigert netto driftsresultat og halde gjelda på eit nivå som samsvarer med handlingsregelen.

Det er behov for å oppgradere Skjåkhallen og ynskje om ny barnehage. Vi må vurdere omfanget av oppgradering av Skjåkhallen og også vurdere når vi har økonomi til å bygge ny barnehage.

³ Premieavviket medfører ikkje kontantstrøm, men er ein differanse mellom teknisk utrekning av kostnad og innbetalt premie

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Vidare er det ønske om å redusere bruken av næringsfond i drifta, og dette kan vi klare på sikt, dersom vi gjennomfører driftstilpassingar og betrar resultatet. Det er opp til politikarane å veie redusert bruk av næringsfond opp mot eventuelle kostnadsreduksjonar og investeringsplanar.

Vi har truleg mindre utfordringar framover, dersom vi klarer å gjennomføre driftstilpassingane. Tenestane er i kontinuerleg endring, og det er derfor heile tida naudsynt og arbeide med effektivisering, utvikling og tilpassing.

Det er viktig at kommunen fylgjer handlingsreglane, da disse fastset lånegjelda på eit høgt nivå og netto driftsresultat korrigert for premieavvik på eit lågt nivå.

Kommunen har gjennomført strukturelle endringar, både i omsorgstenestene, skule og barnehagane står etter kvart for tur. Samarbeid er utvikla over fleire år, både regionalt og med nabokommunen.

Medarbeidarar

Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon kan drivast på ein effektiv måte, og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggest opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegere mynde. Leiinga skal og oppmuntre til nytenking og toleranse.

Kommunen har vedteke etiske retningslinjer som skal bidra til bevisstgjerjing av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre holdningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.

Arbeidstid og heiltidskultur

Omgrepet «ufrivillig deltid» har den seinare tida endra ordlyd til «heiltidskultur». I det ligg ein intensjon om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. I gjeldande hovudtariffavtale er dette nedfelt i kapittel 1. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidskultur. Heiltid er også ei satsing gjennom arbeidet med plan for arbeidsgjevarpolitikk og –strategi.

Fyrst på året i 2019 innførte vi ei prøveordning med langvakter i helgene i pleie og omsorg. Gjennom å jobbe langvakter på helg kan tilsette få lengre periodar med fri og sjeldnare arbeid på helg. Ordninga er også eit tiltak for å redusere talet på deltidsstillingar, og målet er at det skal bli rolegare og betre for bebuarar/brukarar i samband med denne endringa i turnus. Ordninga med langvakter er frivillig. Erfaringane så langt er i alle hovudsak gode. Det har dei siste månadene vore mindre sjukefråvær på helg, og attendemeldingar frå tilsette og bebuarar/brukarar er gode.

Ved tilsetjing i nye stillingar ser arbeidsgjevar i lag med dei tillitsvalde om det kan vere fortrinnsberettiga i forhold til reglane i Arbeidsmiljølova. Som det går fram av lova i § 14-3 har deltidstilsette fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar forttek ny tilsetjing. Deltidstilsette som siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid kan også ha rett på utvida stilling.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorleik, m.a. ved å slå saman fleire mindre stillingar. Deltidsstillingar er ikkje gunstig for korkje drifta, brukarane,

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

arbeidsgjevar eller arbeidstakar. I samband med rullering av plan for arbeidsgjevarpolitikk og –strategi er det utarbeidd retningslinjer for heiltid.

Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukmeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb. I dette arbeidet er relasjonen mellom den enkelte arbeidstakar og næraste leiar særskilt viktig. Samarbeid og samhandling med fastlege, NAV og bedriftshelseteneste er også viktig i dette arbeidet.

Skjåk kommune har hatt eit varierende sjukefråvær dei siste åra. Det er til dels store variasjonar mellom ulike tenesteområde. Ved utgangen av september 2019 er samla fråvær så langt dette året på 6,6%, (måling ved utgangen av september). Dette er litt høgare enn det var på same tid i 2018. Under er oversikt over fråvær dei siste fire år.

2018	2017	2016	2015
6,2%	6,2%	7,9%	6,7%

Forsking viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspel mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summar kvart år, i tillegg til at det er ei bønne for den enkelte sjukemeldte. Det er viktig å presisere at folk må kunne vere sjuke og få ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukemeldte som ein del av det.

Generelt kan vi seie at korttidsfråveret i Skjåk er ganske lågt, det er langstidsfråveret som dreg opp statistikken mest.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Skjåk kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt og lengre sikt.

Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite målretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og behov for kompetanse i tenestene. Administrasjon og leiarar i kommunen har difor fokus på tiltak både på stutt og lengre sikt. Kompetanseutval med administrasjon og hovudtillitsvalde handsamar søknadar frå tilsette som søker om støtte til utdanning. Ein del utdanningar på ulike område, (gjeld til dømes kompetanse for kvalitet for lærarar), har egne reglar for ekstern finansiering.

I ein del tilfelle er det aktuelt å leggje til rette for intern kompetanseheving innan, eller på tvers av, tenesteområda. Samarbeid på tvers av kommunegrensar kan også leggje til rette for kompetanseutvikling innan enkelte område. Den digitale utviklinga gjer at det etter kvart er enklare å fylgje opplæring og

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

undervisning over nettet. Dette er ofte rimelegare og krev mindre reising enn tradisjonelle opplegg. E-læring gjev nye moglegheiter for kompetanseheving innan mange felt.

Lærlingar

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig. Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for å legge til rette for at ungdom har skuletilbod og kan få fagbrev. Det å ta inn lærlingar er med på å stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre, og lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i kommunen.

Det har dei siste åra vore fokus på å auke talet på lære plassar, og ved å leggje til rette med fleire og gode lære plassar i kommunen vil dette vere ein del av omdømmebygging for Skjåk kommune. Ved utgangen av september 2019 har vi 7 lærlingar. Dette er fordelt på 4 ulike fag. 2 på IKT-servicefag, 1 barne -og ungdomsarbeidarar og 3 helsefagarbeidarar og 1 institusjonskock. Skjåk kommune er godkjent lærebedrift i totalt 6 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskock og dataelektronikkfaget. Vi har ein intensjon om å ta inn totalt 4 nye lærlingar kvart år i økonomiplanperioden, og desse skal vere fordelt på ulike fag.


Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Presentasjon av hovudområde

Overordna organisasjonskart

På dialogkonferansen 11. og 12. juni 2019 orienterte kommunedirektøren og leiargruppa kommunestyret om utfordringar og justeringar knytt til den administrative organiseringa. Utfordringane er i hovudsak knytt til kapasitet, koordinering av tenester og til det strategiske arbeidet. Dei største utfordringane ligg innan tenesteområda teknisk, næring, kultur, natur- og kraftforvaltning, beredskap, byggjesak, plan og miljø. Justering i den administrative organiseringa var naudsynt for å få på plass for at Skjåk kommune skal møte framtida på ein god måte. Kommunedirektøren bygde si vurdering på erfaringar, dialog og slutningar i leiargruppa, samtale med direkte involvert, inkludert tillitsvalde og verneombod.

På dialogkonferansen vart det presisert at arbeidet vil ha ei rask framdrift då ny struktur blei sentralt i arbeid med budsjett for 2020. Ein annan faktor er at det tar tid å få slike justeringar til å sette seg i organisasjonen. Kommunedirektøren si leiargruppe vedtok å gjennomføre dei justeringane som var mogleg i haust og tek sikte på ein full effekt når vi kjem over i nytt budsjettår. Justeringane kjem fram i organisasjonskarta under.



Personal og organisasjonsutvikling

Under området personal og organisasjonsutvikling er det ein personalkonsulent i full stilling, i tillegg er lærlingane under dette området. Personal og organisasjonsutvikling vert i mange samanhengar også omtala som HR-området. HR står for Human Resources, eller menneskelege ressursar – «humankapitalen». Vi kan seie at dette er alle aktivitetar som omhandlar planlegging, anskaffing, utvikling og «avvikling» av alle menneskelege ressursar i organisasjonar. Om HR prosessane vert utført rett og effektivt vil det medverke til utvikling og vekst. Med tydelege og definerte mål, roller og prosedyrar, og oppfølging av desse, aukar sannsynet for at tilsette er engasjerte og leverer optimalt i samsvar med verksemda sine mål.

Arbeidsgjevaransvaret er delegert i lina frå kommunedirektøren til kommunalsjefar og tenesteleiarar («dei utøver kommunedirektørfunksjonen på sine område»), medan personalkonsulent er støttefunksjon for

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

desse. Personalkonsulent skal kvalitetssikre at leiarar i lina handterer arbeidsgjevaransvaret i tråd med lov- og avtaleverk og kommunestyrevedtak.

Oppgåver som ligg under personal og organisasjonsutvikling i dag er:

- Bistå kommunedirektøren og leiarane med rådgjeving og saksbehandling knytt til personalarbeid
- Rekruttering og tilsettingar
- Avvikling av tilsettingsforhold
- Følgje opp personalsaker i samsvar med reglar i lov/avtaleverk og kommunen si personalhandbok
- Bedriftshelseteneste. Kontaktperson og koordinator for tenestene i kommunen
- IA-kontakt/ frávær og -nærværarbeid
- Førebu og koordinere saker til AMU og administrasjonsutval
- HTV/HVO. Sende innkalling, sakliste og referat i samband med møter med tillitsvalde og verneombod etter avtale med kommunedirektøren
- Koordinere og kalle inn til møter i kompetanseutval
- Bistand i konfliktsaker i samråd med leiarar og kommunedirektør, (varslingssaker)
- Rådgjeving og oppfølging i ulike personalsaker etter ynskje frå leiarar og kommunedirektør
- Bistå i nedbemanningsprosessar
- Akan saker. Skrive Akan-avtaler og følgje opp desse
- Følgje opp arbeidsgjevarpolitikk og -strategi i samråd med kommunedirektør og kommunestyre
- Koordinere medarbeidarundersøkingar og følgje opp leiarar som ynskjer bistand i etterkant av undersøking
- Lønsforhandlingar. Førebuing, koordinering og skrive protokollar etter avtale med kommunedirektøren
- Lærlingar. Inntak, koordinering og oppfølging av lærlingar og rettleiarar

Økonomi

Økonomiavdelinga består av 4 årsverk.

Strategiske oppgåver:

- Budsjettering, inkludert lønnsbudsjettering, årsbudsjett og økonomiplan
- Opplæring og rettleiing til leiarar
- Økonomiske utgreiingar og analysar
- Kvartals-, halvår- og årsrapportering

Dagleg drift og støtte:

- Bistand til linjeorganisasjonen
 - Budsjettoppfølging
 - Eigedomsskatt
 - Finansiell internkontroll
 - Finansiering og likviditetsstyring
-

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

- Løn
- Regnskapsførsel, inkludert bokføring, fakturering, innfordring og regnskapsavslutning
- Systemansvar Visma, økonomimodul, budsjettmodul anleggsregister, lønsmodul, fakturamodul
- Saksframlegg til politiske organ
- Tilskotsberegninger og -utbetalinger, inkludert avrekninger, klage- og søknadsbehandling
- Fakturering
- Eigedomsskattekontor
- KOSTRA rapportering
- Oppfølging skatt og avgift

Oppsummering av dei viktigaste endringane frå 2019 til 2020


	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019	Regnskap 2018
100 KOMMUNEDIREKTØR	8 309 000	8 309 000	8 309 000	8 309 000	7 385 000	7 534 275
101 KULTUR	0	0	0	0	1 392 000	1 549 610
102 PLAN, MILJØ OG BEREDSKAP	0	0	0	0	4 987 000	4 753 896
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIK	2 444 000	2 444 000	2 444 000	2 444 000	2 087 000	1 676 016
104 ØKONOMI	3 951 000	3 951 000	3 951 000	3 951 000	3 673 000	3 187 846
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJON	0	0	0	0	10 571 000	10 792 244

Det er ingen endringar på kommunedirektøren sitt område eller i stab i 2020, når det gjeld bemanning. Budsjettet på ansvar 100 har auka. Kostnader knytt til løn er ein sentral del av auka. Det vart budsjettert med lågare kostnader til rekruttering av kommunedirektør. Vidare vart det budsjettert med lågare kostnader til politisk arbeide i 2019, utan at tiltak vart konkretisert og gjennomført i samsvar med budsjettføresetnadene. Stillingsressursar realtert til tillitsvalde er i 2020 fullt ut budsjettert under personal. Auka på økonomi skuldast at tilskot til etablering og utbetring frå 2020 er budsjettert på økonomi.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Tenesteområde Oppvekst og utdanning

Ansvarsområde




Oppvekst og utdanning omfattar barnehagane, Skjåk barne- og ungdomsskule, Lom og Skjåk kulturskule, Skjåk folkebibliotek, It-samarbeidet Lom og Skjåk, Flyktningtenesta med voksenopplæringa og servicetorget.

I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

KOSTRA


Barnehage




Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Tabellen for barnehagen viser at det er større del av dei minoritetspråklege som har barna i barnehagen i Skjåk, enn dei gruppene vi blir samanlikna med her. Vi ser og at det er forholdsvis færre barn i Skjåk med ekstra ressursar i barnehagen. Vi har god dekning av barnehagelærarar, medan bemanninga i "basisverksemda" (arbeid med barn) er på gjennomsnittet, samanlikna med andre.

I forhold til innbyggartalet er det noko mindre barn i barnehagen i Skjåk enn dei vi her blir samanlikna med




Grunnskule



Tabellen viser resultat frå grunnskulen ut frå nasjonale prøver 8. klasse (fullført barnesteg), og grunnskulepoeng (etter 10.klasse). Samanlikna med gruppene vi blir samanlikne med her.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020



Tabellen viser lønsutgifter knytt til grunnskuleopplæring i Skjåk samanlikna med gjennomsnitt for andre grupper. Tabellen viser at lønskostnadane i Skjåk er høge. I 2018 var lønsutgiftene per elev i Skjåk kr 135.912. Gjennomsnitt for kommunegruppa kr 120.867, gjennomsnitt i Oppland kr 105.658 og gjennomsnittet nasjonalt kr 95 297.


Driftsutgifter per elev:

	2014	2015	2016	2017	2018
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning per elev					
Skjåk kommune skoleeier	106 633	111 598	128 111	127 895	134 195
Kommunegruppe 03	106 264	108 963	113 281	116 778	121 646
Oppland fylke	93 195	95 752	99 582	102 488	107 053
Nasjonalt	86 070	88 276	91 130	94 184	98 084
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulelokaler og skyss per elev					
Skjåk kommune skoleeier	29 552	30 016	28 917	31 465	39 353
Kommunegruppe 03	25 278	25 498	26 393	28 845	28 956
Oppland fylke	22 328	22 509	22 659	23 771	25 068
Nasjonalt	19 560	19 475	21 078	21 999	23 158
Skjåk kommune skoleeier, Grunnskole, Økonomi, Driftsutgifter per elev, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn					

Tabellen viser brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring i Skjåk per elev samanlikna med gjennomsnitt for andre grupper.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Folkebibliotek



Tabellen viser at det blir sjeldnare skifta ut bøker i folkebiblioteket i Skjåk enn dei vi samanliknar oss med, samtidig er besøkstalet i biblioteket høgt.

Kulturskule

Nøkkeltall	Enhet	Skjåk	Kostragruppe 03	Landet uten Oslo	Oppland
		2018	2018	2018	2018
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	prosent	51,8	23,2	13,8	16,8

Målkort

Målekort - Oppvekst					
Dimensjon	Indikator	2020	2021	2022	2023
Organisasjon	Sjukefråvær (i sektoren)	< 6%	< 6%	< 6%	< 6%
	Meistringsorientert leing (Medarbeidarundersøking)		4,3		4,3
	Rolleklarheit (Medarbeidarundersøking)		4,3		4,3
	Kompetanseheving (tal tilsette i kompetansejevande vidareutdanning)	3	3	3	3
Samfunn	Lærlingar	3	3		3
Teneste	Barn med rett til barnehageplass har fått tilbod om plass	100 %	100 %	100 %	100 %
	Nasjonale prøver 5. klasse (gjennomsnitt - 50,0 er gjennomsnitt for landet)	50,0	50,0	50,0	50,0
	Grunnskulepoeng (gjennomsnitt)	41,0	41,0	41,0	41,0
	Fullført introduksjonsprogrammet etter 3 år (%)	80 %			
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Eit godt og bevisst arbeid for å førebygge sjukefråvær, styrka leiing og tydelege roller er viktige faktorar for å nå måla for tenestene. For tenestene er det og viktig å sikre kompetanse som er oppdatert og tilstrekkeleg for å kunne levere den kvaliteten som er forventa.

Elles er det mange faktorar som kan vere nyttige å følgje med på som målepunkt i tenestene. Utfordringa er å finne målepunkt som er sentrale og som det er rett å ha fokus på. Faren er at det ein ikkje har same fokus på kan bli oppfatta som mindre viktig, utan at det er intensjonen.

Barnehage

Skjåk kommune har tre kommunale barnehagar. Dønfoss naturbarnehage, Bismo barnehage og Holemork barnehage. I tillegg er det ein privat familiebarnehage, Furuly familiebarnehage.

Barnehageåret 2019 – 20

		Barn	Kapasitet	Status	Barn pr tilsett	Foreldretilfredsheit
Bismo barnehage	kommunal	38	54 plassar	fullt	6,0	4,7
Holemork barnehage	kommunal	24	36 plassar	2 ledige heiltidsplassar	5,8	4,6
Dønfoss naturbarnehage	kommunal	25	36 plassar	1 ledig heiltidsplass	5,8	4,6
Furuly familiebarnehage	privat	3			5	
Nasjonalt						4,5

Skjåk kommune har full barnehagedekning ved hjelp av modulbygget. Det er nokre få ledige plassar i Dønfoss og Holemork barnehagar. Utan modulbygget i Bismo barnehage hadde vi hatt ventelister, og vi hadde ikkje greidd å gje alle med rett til barnehageplass eit tilbod i 2019.

Makspris og redusert foreldrebetaling i barnehagen har ført til at stadig fleire vil ha fulltidsplass.

Det vil vere behov for modulbygget inntil vi har gjennomført utbygging av barnehagekapasiteten. Det same gjeld Holemork barnehage. Drifta i Holemork må vidareførast til vi har bygd ut barnehagekapasitet nok elles.

Barnehagane deltek i Regional kompetansesatsing. Regional ordning skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Satsinga er eit av fleire verkemiddel som skal sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Satsinga er organisert og styrt gjennom fylkesmannen og blir i Oppland gjennomført i tett samarbeid med Høgskulen i Innlandet (HINN).

I tillegg deltek barnehagane saman med skulane i "Inkluderande barnehage- og skulemiljø" (IBOS) og "Sei det!".

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Utbetring av Dønfoss naturbarnehage

Det er behov for å gjennomføre utbetringar av Dønfoss naturbarnehage, og dette er omtala under investeringar.

Skjåk barne og ungdomsskule

Skuleporten - Grunnskulepoeng -					
Skjåk kommune skuleeigar, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentleg, Trinn 10, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltal	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Skjåk kommune skuleeigar	43,1	40,9	44,2	41,2	40,8
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Kommunegruppe 03	40,1	40,6	40,9	41,1	41,5
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Oppland fylke	40,2	40,7	41,2	41,6	41,9
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	40,7	41,1	41,4	41,7	41,9

Sjølv om resultatata varierer, har det vore gode sluttresultat i 10. klasse. Det same har resultat frå nasjonale prøver i 8. klasse. Vi ser og tydeleg framgang frå 8. klasse til 9. klasse.

Ei av utfordringane er resultatata i 5. klasse. Vi har ofte svake resultat her. Derfor har vi no brukt HINN (Høgskulen i Innlandet) i vegleing i begynnaropplæring for å styrke dette. Eit meir systematisk og gjennomgåande arbeid med begynnaropplæringa ventar vi skal bidra til betring av resultat etter småskulesteget. (5.trinn)

Mobbing – 7. trinn (prosent)	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Skjåk kommune skuleeigar			0,0		0,0
Kommunegruppe 03			8,1	8,6	8,6
Oppland fylke			6,8	7,6	6,6
Nasjonalt			7,1	7,2	6,9

Tal frå Elevundersøkingaskuleåret 2018-19

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Mobbing – 10 trinn;

	Skjåk kommune	Kommunegruppe 03	Oppland fylke	Nasjonalt
Mobbing på skule (prosent)	20,5	7,2	8,8	7,0

Tal frå Elevundersøkinga skuleåret 2018-19

Vi ser og frå elevundersøkinga at det er utfordringar med mobbing i skulen. Arbeid direkte inn mot skulemiljø og læringsmiljø er derfor viktig. Skulen og barnehagane deltek i "Inkluderande barnehage- og skulemiljø" der nettopp dette er sentralt. Korleis arbeide førebyggjande og korleis sikre trygge og inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule. Skjåk kommune deltek og, saman med Lom og Dovre i prosjektet "Sei det!". Desse to prosjekta blir sett i samanheng med kvarandre.

Ressursbruken på skulen i Skjåk er høg, samanlikna med andre. Skulen har derfor redusert undervisningsressursane både når det gjeld timetal og lærarressursar. Skulen vil og legge fysisk aktivitet inn i faga ved å satse breidt på Aktiv læring, slik at fysisk aktivitet blir knytt til læringsarbeidet i faga. Bruken av ressursar til spesialundervisning er for stor,- ikkje i forhold til dei med store behov til tilrettelegging, men fyrst og fremst til dei med mindre behov.

Her vil vi arbeide for å frigjere ressursar frå spesialpedagogiske tiltak, til meir tilrettelagde tiltak gjennom tilpassa opplæring.

Kantinedrifta har vore utfordrande for skulen. Skulen har måtta omprioritere bruk av ressursar til kantina. Det har vore utfordrande å frigjere personell til å ta seg av kantina etter at kokken slutta.

Det er planlagt ei omorganisering av kantinedrifta, slik at kantina skal drivast av kjøkkenet på Skjåkheimen. Kjøkkenet vil bestille inn og lage til den maten som blir servert i kantina på skulen.

Aktivitetssenteret / dagsenteret vil ta seg av tilrettelegginga og oppryddinga i kantina.

For å finansiere delar av dette er det ynskje om å innføre elevbetaling i kantina att. Inntektene frå elevbetalinga vil gå til å dekke ekstrakostnadar på kjøkkenet på Skjåkheimen.

Bruk av digitale verktøy i skulen har vore ei satsing dei to siste åra. Nettbrett -iPad- er innført som pedagogisk verktøy på heile barnesteget. Planen er å vidareføre dette på ungdomssteget. Det er planlagt finansiering av innkjøp/leasing av utstyr. Det er og planlagt utskifting av anna utstyr som følgje av dette. Fleire av kommunane i regionen ynskjer å starte med satsing på pedagogisk bruk av digitale verktøy. Det blir arbeid for å få til felles satsing i regionen på kompetanseheving knytt til dette.

Ei anna utfordring er kapasiteten på oppfølging av utstyr og tilgang på kompetanse på det tekniske på skulen. Oppfølging av utstyr og vegleing for brukarar (elevar og lærarar) krev mykje tid og kompetanse, denne er ikkje alltid tilgjengeleg på skulen i den grad det er behov for. Di meir utstyr, og di meir omfattande bruken blir, di større vil dette behovet vere. God organisering og frigjering av tid og ressursar til oppfølging, vil vere nødvendig.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Bruk av digitale verktøy i opplæringa heng og saman med "Fagfornyninga". Frå hausten 2020 skal ny læreplan takast i bruk. Det har i lengre tid blitt arbeidd med denne fornyinga. Skulane arbeider med førebuing til dette på fleire måtar. Dette skjer mellom ann innanfor "Desentralisert kompetanseheving" (DEKOMP) der regionane samarbeider med Høgskulen i Innlandet(HINN) om innføringskurs i dei nye planane.

Regjeringa har foreslått redusert foreldrebetaling for SFO på linje med ordninga i barnehagen. Ingen heim skal betale meir enn 6% av si samla inntekt for SFO-plass. Det er for tidleg å seie noko om kva betyding dette vil få.

Lom og Skjåk kulturskule

Lom og Skjåk kulturskule har vore etablert sidan hausten 2018. Det fyrste skuleåret var det vesentleg skilnad på tilbodet i kommunane. Drifta var lagt opp etter dei budsjett som alt var vedtekne i kommunane. Frå hausten 2019 er drifta harmonisert både ved at driftskostnadane er fordelt mellom kommunane etter prinsippa for vertskommuneavtalen, og ved at tilboda til barn og unge i kommunane i større grad er like.

Flyktningar og vaksenopplæringa

Flyktingtenesta har no 0,5 % stilling flyktingkonsulent, og 1,6 årsverk i vaksenopplæringa.

Kommunen får ikkje nye busette slik signala er no. I januar 2020 vil vi ha att 6 busette på introduksjonsordning. Frå september 2020 vil vi ha att to. Desse to skal avslutte i løpet av 2021.

Vaksenopplæringa (norskopplæringa) vil ha mange elevar i 2020. Her er det i tillegg til ein del busette flyktningar, også fleire deltakarar som ikkje er busette i Skjåk som flyktningar. Dei har busett seg i Skjåk av andre årsaker.

Nokre av desse har kommunen plikt til å tilby norskopplæring, andre ikkje. I Skjåk har alle som deltek på norskopplæring fått delta utan å betale eigenandel. Norskopplæring for dei som kommunen har plikt til å tilby slik opplæring skal vere gratis. Men for andre kan kommunen krevje eigenbetaling. Denne ordninga har ikkje vore drøfta politisk sidan sist på 90-talet.

Signala frå politikarane var at det var viktig å legge til rette for at flest mogleg av dei som kom til Skjåk, vart buande i kommunen. Derfor burde norskopplæring vere gratis for alle. Vaksenopplæringa har likevel satt som vilkår at dei har ledig kapasitet for å ta inn elevar som vi ikkje er pliktige til å tilby slik opplæring. Det er likevel grunn å vurdere om ein skal krevje eigenbetaling for å delta på norskopplæring for deltakarar som ikkje har rett på slik opplæring.

Grunnskuleopplæring for vaksne som ikkje har fullført fullverdige grunnskule, er ein lovbestemt rett for alle innbyggjarar. Vi har samarbeid om grunnskuleopplæring med Lom kommune. Dette samarbeidet blir avslutta til sommaren 2020. Skjåk har att nokre busette som har behov for grunnskuleopplæring, men som ikkje har fått starta opp enno. Det blir derfor sett i gang eit tilbod for desse frå våren 2020 i Skjåk.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Alternativet er å sende desse til Sel. Vi har tidlegare hatt deltakarar i grunnskuleopplæring i Sel. Dette er vanskeleg å organisere, særleg for deltakarar med små barn. All grunnskuleopplæring er gratis. Det gjeld opplæring, skyss og læremateriell.

Serviceforholdet

Serviceforholdet har mange ulike oppgåver, både publikumsretta mot innbyggjarar og besøkande, for politikarar og internt for tenester og organisasjonen som heilheit. I tillegg er det her arbeidet med arkiv og post blir gjort i kommunen. Dei har og ein del oppgåver på vegne av tenestene i kommunen.

Den store satsinga i 2020 blir nytt sak- og arkivsystem. Regionen er midt i ein innkjøpsprosess for dette. Planen er at nytt sak- og arkivsystem skal vere på plass i løpet av 2020.

IT-samarbeidet

Tenesta er eit samarbeid mellom Lom og Skjåk kommune. IT-tenestene er avgjerande for tenestene kommunane produserer. God og tett oppfølging av IT-systema vår er avgjerande. Dei to tilsette med kvar sin lærling har eit stort arbeidsfelt frå serverar, infrastruktur elles, ulikt IT-utstyr rundt om i organisasjonen, tilrettelegging for ulike fagsystem, vegleiing av brukarar, brukarkontoar m.m.

Alt dette i to kommunar! Det er derfor viktig at kommunane i størst mogleg grad er samkøyrde i val av strategiar og løysingar. Val av ulike løysingar gjer utfordringane større.

Det regionale samarbeidet gjev mange fordelar. Særleg i forhold til samarbeid om drift av system og fellesløysingar, men og når det gjeld deling av erfaring og kompetanse. Men det har og ei side der samarbeid krev at ein tek seg tid til å finne fellesløysingar og køyrer dei prosessane som må til. Dette kan opplevast som "hindringar" og forseinkingar i prosessar.

Skjåk folkebibliotek

Lov om folkebibliotek slår no fast at folkebiblioteka skal drive aktiv formidling, vere ein uavhengig møteplass og leggje til rette for ordskifte og samtale.

Skjåk folkebibliotek er eit bibliotek som har drive godt lenge. Det har etablert ein posisjon i kommunen som eit senter og ein møteplass med mykje meir enn utlån av litteratur og bøker.

Formidling av kultur og kompetanse gjennom ulike medium og på ulike måtar har vorte ein viktig del av biblioteket sitt arbeid. Sist år vart biblioteket styrka med ressursar til arbeid retta mot barn og unge. Då biblioteksjefen slutta i haust vart det gjort avtale med Lom om kjøp av biblioteksjeftenestene som ei prøveordning. Biblioteka i Lom og Skjåk har tradisjonelt samarbeidd på mange måtar, og kjenner kvarandre godt. Ein av grunnane for å prøve ut ei slik ordning er å sjå om eit enno tettare samarbeid mellom biblioteka kan styrke bibliotekenestene for framtida. Utfordringar er å vidareutvikle biblioteka som kulturberarar, møteplass og formidlarar av litteratur, kunnskap, samfunnsdebatt og kultur til innbyggjarane i alle aldersgrupper. Biblioteket sin plass i den moderne mediumsamfunnet vil vere viktig.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Utfordringar i planperioden

Kommunedirektøren meiner vi vil kunne oppretthalde god kvalitet på tenestene, sjølv med dei tilpassingar det vere lagt opp til i årsbudsjettet 2020.

Samfunnet rundt stiller større krav til tenestene på mange måtar. Tydelege rettar, dokumentasjon og større krav til dialog med brukarar og føresette er berre nokre eksempel.

Digitalisering i samfunnet gjev nye utfordringar og krav til fornying i tenestene. Ikkje minst er det viktig å førebu barn og unge best mogleg på korleis dei kan mestre det samfunnet dei lever i og skal leve i.

Prioriterte satsingar i perioden

- Fagfornyninga i skulen, hovudsakleg finansiert gjennom statlege midlar gjennom DEKOMP. Men vikarkostnadar og reisekostnadar må kommunen dekke.
- Begynnaropplæringa, finansiert gjennom DEKOMP. Buk av eigne personellressursar.
- Barnehage og skulemiljø ("Inkluderande barnehage- og skulemiljø" og "Sei det!"). Hovudsakleg dekkja av tilskot til deltaking. Reisekostnadar og vikarkostnadar må kommunen dekke.
- Bruk av digitale verktøy . Budsjetterte driftsmidlar og investeringar.
- Vidareutvikle felles kulturskule. Budsjetterte driftsmidlar.
- Vidareutvikle biblioteket. Budsjetterte driftsmidlar.
- Nytt sak og arkivsystem. Budsjetterte driftsmidlar og investeringsmidlar.

Til satsingane blir det vurdert om det er mogleg å søke på eksterne midlar som delfinansiering. Til dømes kan det i nokre samanhengar vere aktivitetar det kan vere mogleg å få OU-midlar til.

Kvalitetsdiskusjon

Korleis brukarane opplever kvalitet i tenestene er i stor grad subjektiv. Det viktige er at brukarar og føresette opplever at dei blir møtt, sett og høyrte. For tenestene er og dette viktig, men samtidig skal tenestene levere i samsvar med dei forventningar og krav som lover og politiske vedtak set, og innanfor dei rammer som blir sette. Tenestene skal vere fagleg forsvarlege, samtidig som budsjetttrammer, brukartilfredsheit og tilsette sitt nærvær, motivasjon og tilfredsheit blir ivareteke. Fokus på tenestene sine utfordringar, oppleving av å dele eit felles ansvar og motivasjon for å jobbe saman for å løyse desse, er eit vilkår for å styrke kvaliteten.

Samtidig er det ofte vanskeleg å talfeste kvalitet. På nokre område kan vi sette mål som kan målast og som vi kan samanlikne. For andre kvalitetar er dette vanskelegare. For fleire av tenestene er det betydelege tiltak for å kartlegge kvaliteten på tenestene. Desse gjev verdifull informasjon og indikasjonar på kvalitet. Likevel blir det for dei fleste av desse kartleggingane åtvare mot å legge for stor vekt på enkeltresultat i små kommunar med få respondentar. Resultat må sjåast i samheng og over tid. Generelt har tenestene høg kvalitet ut frå dei samanlikningar vi ser. Og det er mange grunnar til å vere stolte av dei resultatene tenestene presenterer. Kartleggingane viser og forbetningspotensiale på område det er viktig å ta tak i.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Forbetringsarbeid må vere kontinuerleg, og vi må ha fokus på ny kompetanse og tiltak for å utvikle tenestene til det beste for brukarar og tilsette.

Oppsummering av endringar frå 2019-2020

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019	Regnskap 2018
200 OPPVEKST OG UTDANNING	15 051 000	14 903 000	14 903 000	14 903 000	5 124 000	5 323 166
201 FLYKTNINGAR	1 911 000	872 000	773 000	759 000	4 582 000	5 464 780
211 DØNFLOSS BARNEHAGE	4 246 000	4 246 000	4 246 000	4 246 000	3 936 000	3 989 805
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 946 000	3 946 000	3 946 000	3 754 000	3 865 000	3 694 863
213 BISMO BARNEHAGE	5 423 000	5 423 000	5 423 000	5 422 000	4 028 000	4 471 269
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	21 569 000	21 031 000	20 971 000	20 753 000	24 050 000	25 558 826
240 KULTURSKULE	1 787 000	1 787 000	1 787 000	1 787 000	1 805 000	1 959 689

	2020	2019	
200 Oppvekst og utdanning	15 051 000	5 124 000	Oppgåver tidlegare under 150 er lagt til 200
201 Flyktningar	1 911 000	4 582 000	Ingen nye busette Færre på intro Redusert 1 årsverk i 2019
211 Dønfloss barnehage	4 246 000	3 936 000	Auka barnetal
212 Holemork barnehage	3 946 000	3 865 000	
213 Bismo barnehage	5 423 000	4 028 000	Auka barnetal
220 Skjåk barne- og ungdomsskule	21 569 000	24 050 000	Redusert med 8 årsverk 6 gjennom 2019 og 2 planlagt 2020.
240 Lom og Skjåk kulturskule	1 787 000	1 805 000	Utjamning av driftskostnader

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Tenesteområde Helse- og omsorg

Ansvarsområde



Skjåk kommune har svært gode helse- og omsorgstilbud, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. Vi erkjenner imidlertid at nivået på tenestene er så høgt at det må til betydeleg omstilling i alle tenester for å møte utfordringane kommunen står overfor i åra framover. Nasjonale føringar og krav om at kommunane må ta hand om stadig fleire oppgåver utan at det blir følgt opp med statlege midlar, i tillegg til at vi får fleire og fleire eldre, krev at nivået må reduserast for å sikre bærekraftige tenester også i framtida.

KOSTRA

Brutto driftsutgifter til helse og omsorg, kr pr innbyggjar

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
	40 992	32 094	36 594	27 244

Skjåk har eit høgt utgiftsnivå pr innbyggjar, noko som dels skuldast prioriteringar, dels eit høgare objektivt utgiftsbehov for pleie og omsorgstenester enn landssnittet pga alderssamansetninga i kommunen.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Andel netto driftsutgifter til helse og omsorg fordelt på følgende område, i prosent:

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
Andel omsorgstenester	36,8	35,5	33,1	31,9
Andel kommunehelsetenesta	6,5	5,3	6,4	4,8

Indikatorar institusjon

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
Andel innbyggjarar 80+ m sjukeheims plass (%)	16,9	10,7	13,8	12,1
Andel brukartilpassa einerom m eget bad/wc (%)	100,0	85,8	91,0	89,7
Utgifter pr opphaldsdøgn institusjon (kr)	4 122	3 912	3 768	3 710
Andel private institusjonsplassar	0,0	3,1	4,7	5,4
Legetimar pr veke pr bebuar i sjukeheim *)	0,4	0,7	0,5	0,6

*) Talet er ikkje inkludert legetimar på IM- og KAD-senger på NGLMS og kjem i tillegg.

Skjåk har relativt høg sjukeheimsdekning og har i tillegg høgare utgifter pr institusjonsplass enn samanliknbare kommunar. Alle bebuarar har einerom med eget bad/wc.

Indikatorar heimetenester

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
Andel innbyggjarar over 80 som brukar heimetenester	38,7	34,6	38,2	31,6
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	39,7	45,2	24,3	45,2

Andelen innbyggjarar som brukar heimetenester ligg omtrent på eller litt høgare snittet.

Indikatorar helsetenester

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	18,1	12,7	15,8	11,3
Fysioterapiårsverk pr 10 000 innbyggjarar	13,6	11,8	10,9	9,6
Årsverk helsestasjon pr 10 000 innbyggjarar 0-6 år	112,2	45,6	63,5	42,2

Skjåk har både høg legedekning og fysioterapitenester enn samanliknbare kommunar. Når det gjeld helsestasjon, ligg Skjåk betydeleg over snittet med tanke på årsverk. Verdt å merke seg at eitt av årsverke er statleg finansiert ved hjelp av styrkingsmidlar og tilskott.

Indikatorar sosialtenester

	Skjåk	Oppland	Kostragr 3	Landet utan Oslo
Sosialhjelpsmottakarar (antall)	35	4 867	3 482	118 964
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år (antall)	7	997	659	24 130

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Talet på sosialhjelpsmottakarar ligg lågt, spesielt for mottakarar mellom 18 og 24 år. Dette har vore eit bevisst satsingsområde gjennom fleire år.

Demografisk utvikling og dekningsgrad for institusjonsplassar

	2019*	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal personar + 80 år	148	146	158	163	158	170	180
Tal institusjonsplassar	36	34	32	30	30	30	30
Dekningsgrad	24 %	23 %	20 %	18 %	19 %	18 %	17 %

*Pr. oktober 2019

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal eldre over 80 år	148	146	158	163	158	170	180
24% dekning, tal plassar	36	35	38	39	38	41	43
17% dekning, tal plassar	25	25	27	28	27	29	31
12% dekning, tal plassar	18	18	19	20	19	20	22

Dreining av ressursar frå institusjonsbasert omsorg til tenester som skal bidra til at innbygarane skal bu i eigen bustad så lenge som mogleg.

Målkort

Målekort - Helse og omsorg					
Dimensjon	Indikator	2020	2021	2022	2023
Organisasjon	Fråvær i %	< 7%	< 7%	< 7%	< 7%
	Meistringsorientert leiing (Medarbeidarundersøking)		4,5		4,5
	Relevant kompetanseutvikling (Medarbeidarundersøking)		4,0		4,0
Samfunn	Lærlingar	3	3	3	3
	Gjennomsnittleg stillingsprosent	75 %	75 %	75 %	80 %
Teneste	Brukarmedveknad	5,0		5,0	
	Respektfull behandling	5,0		5,0	
	Får hjelp når ein treng det.	5,0		5,0	
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Pleie- og omsorgstenester

Skjåkheimen

Skjåkheimen, med omsorgsbustader i nærleiken som lettar presset på sjukeheimplassar, har gjort det mogleg å foreta ei vriding av tenestetilbodet frå institusjon til meir heimebaserte tenester. Denne vridinga har skjedd over fleire år, og i budsjettet for 2020 avspeglar ytterlegare vriding mot heimebaserte tenester.

Presset på sjukeheimplassar er redusert som følgje av at terskelen for å få plass er blitt høgare, heilt i tråd med eldreforma "Leve hele livet". Skjåkheimen har eit gjennomsnittleg belegg på under 80%, til tross for at vi har seld sjukeheimplassar til Sel kommune store delar av året 2019. Ein følgje av dette er at vi vil vurdere å redusere talet på sjukeheimplassar ytterlegare og bygge om til fleire omsorgsbustader i løpet av økonomiplanperioden.

Det har gjennom fleire år blitt gjennomført betydelege innsparingar med m.a. reduksjon i grunnbemanning dag/kveld og helg, og det vil bli gjennomført ytterlegare reduksjonar i 2020. Grunnbemanninga blir redusert med 2 på dag og 2 på kveld i vekedagane og 1 på kveld i helg. Vidare vil stillingar bli halden vakant så langt som råd for å redusere kostnadene ytterlegare. Det er lagt inn sal av sjukeheimplassar til andre kommunar i delar av 2020. Det blir vurdert å stenge ei avdeling dersom belegget blir halden på same nivå i 2020 som pr no.

Kjøkenet på Skjåkheimen vil ta over ansvaret for leveranse av næringsrik og variert mat til kantina på ungdomsskulen. Føresetnaden er at det blir innført elevbetaling for å unngå å legge ytterlegare kostnader på kjøkendrifta, som ikkje er lagt inn i ramma.

Heimetenester

I tråd med nasjonale føringar, har Skjåk kommune gode heimetenester for å legge grunnlag for at flest mogleg skal få bu heime så lenge som mogleg. Førebyggjande arbeid som hindrar og forsinkar utviklinga av helseplager for alle delar av befolkninga må ha høg prioritet. *Kvardagsrehabilitering* blei etablert som tilbod i Skjåk kommune i 2016, der nettopp tidleg intervensjon og førebygging er viktige stikkord.

Det er berre 41 % av kommunen sine innbyggjarar over 67 år som ikkje har tenester (mot 55 % for landssnittet). Skjåk gjev færre timar (pr veke pr mottakar) av både «praktisk bistand» og «heimesjukepleie» samanlikna med kommunegruppe 3 og landssnittet. Årsaka er at mange får tenester og timane blir difor fordelt på fleire brukarar, noko som reduserer kostnadsnivået pr brukar. Dette er ei bevisst innretning for å jobbe førebyggjande for heimebuande.

Gjennom «Det store brannløftet» har vi motteke tilskott frå Gjensidige, og har i 2019 montert brannvarsling på tryggingsalarmar. Som eit viktig brannførebyggjande arbeid som aukar sikkerheita og tryggleiken til heimebuande.

Satsinga på velferdsteknologiske hjelpemiddel må intensiverast for å få utnytta moglegheitane desse gjev i større grad. Det blir difor vurdert å etablere ein felles vaktmeister/ansvarleg for hjelpemidlar i Lom og Skjåk med særskilt kompetanse innan elektronikk og teknikk. Dette vil i så fall bli etablert som eit samarbeid

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

mellom ergoterapitenesta og brannvesenet i Lom og Skjåk. Dette er ei viktig satsing for å styrke kommunane si kompetanse innan velferdsteknologi for å vere budd den teknologiske utviklinga i åra framover. Samarbeidet med Lom kommune om ergoterapiressurs held fram i 2020 med sal av 60% ergoterapiressurs totalt.

Evaluering av nye arbeidstidsordningar og ny turnus har avdekka at grunnbemanninga må redusertast i delar av døgnet, og det er allereie gjennomført innsparingar med 1,5 årsverk i grunnbemanning frå hausten 2019. Dette vil bli ytterlegare redusert når ny turnus, som legg opp til ytterlegare samarbeid med institusjonsturnusen, blir utarbeidd frå 2020.

Fellestenesta for psykisk helse vil bli overført til helsetenester og vil frå 2020 bli kostnadsført på dette området.

Miljøarbeidartenester

Miljøarbeidartenestene, som består av bufellesskap, avlastning, funksjonshemma i heimen, omsorgsløn, personleg assistent mm, krev store ressursar av kommunen. Innovasjonsprosjektet "Berekraftig bufellesskap og avlastning 2020-2050" er sett i gang for å utvikle tenestetilbodet for brukarar, pårørande og tilsette, og skal danne grunnlag for ei naudsynt omstilling for å optimalisere ressursbruken knytt til desse tenestene.

Det er lagt opp til at bebuarar i bufellesskapet saman med tilsette i tenesta, skal ta hand om kantinedrifta på ungdomsskulen frå og med 2020. Kjøkenet på Skjåkheimen leverer mat. Det er ikkje lagt inn auka kostnader i budsjettet, men det er føresett at aktivitetane i nokon grad skal erstatte andre dagaktivitetstilbod.

Det er lagt inn ei forventet innsparing på m.a. nattevaktstilling i det nye bufellesskapet i tillegg til ytterlegare innsparingseffekt som følgje av innovasjonsprosjektet.

Det er føresett at renter og avdrag på ca 600 000 som oppstår ved bygging av det nye bufellesskapet skal dekkast innafor driftsbudsjettet til miljøarbeidartenesta.

Lom og Skjåk tildelingskontor

Det er etablert felles tildelingskontor med Lom der Skjåk har vertskommuneansvaret. Tildelingskontoret fattar vedtak om tenester ut frå gjeldande lovverk og Kvalitetsstandardane for tildeling av tenester i Pleie- og omsorg i Lom og Skjåk kommune. Dei har eit tverrfagleg samarbeid med Skjåkheimen, Helseheimen i Lom, heimetenestene, fastlegar og andre relevante partar.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Helsetenester

Skjåk kommune yter ein del av helsetenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane.

Legetenester

Det har vore ei stabil og god legeteneste i Skjåk over lengre tid, og vi har lukkast i å oppretthalde alle dei tre leigeheimlane. Dette vil halde fram også i 2020.

Venterom, ekspedisjon og laboratoriet blei rehabilitert i 2018 og det blei kjøpt inn nye møblar og armaturar, og framstår no med lyse, moderne og funksjonelle lokalar. Hausten 2019 fekk også legekontora nye armaturar og kontora og gangen blei måla.

Det blei i 2019 lagt inn eit forventa tilskott på kr 400 000 frå Helsedirektoratet til styrking av rekruttering av fastlegar i distrikta. Helsedirektoratet har i ettertid erkjent at dei hadde gjort ein feil og at tilskottet likevel ikkje blei utbetalt. Dette medfører utfordringar knytt til budsjett for 2020 i same storleik.

Fysioterapi

Det er to kommunale fysioterapiheimlar og ein privatpraktiserande med driftstilskott. Det har lenge vore ei målsetting å få til eit breiare samarbeid med Lom kommune om m.a. fysioterapitenestene, noko det ligg godt til rette for. Dei tilsette i dei to tenestene har totalt sett brei og god fagleg spisskompetanse som ein klan få utnytta betre gjennom utvida samarbeid.

Som Kostra-tabellen viser, ligg samla fysioterapiressurs i Skjåk over andre samanliknbare kommunar. Frå 2020 vil denne ressursen bli redusert med 50% stillingsheimel, og det er naturleg å vurdere om denne heimelen kan delast med Lom kommune. Dette vil gje totalt fem fysioterapiheimlar i dei to kommunane, noko som bør vere tilstrekkeleg for å dekke behovet for fysioterapitenester. Satsinga på førebyggjande frisklivstenester i det nye treningssenteret vil truleg redusere presset på etterspurnaden av fysioterapibehandling.

Folkehelsearbeid

I 2018 etablerte Skjåk ei prosjektleiarstilling for førebyggjande helsearbeid innan helse og meistring, og har fått statlege tilskott opp mot kr 1 million kroner til ulike prosjekt. Skjåk fekk mellom anna tilskott for å etablere *frisklivstenester* i samarbeid med Lom kommune. Dette for å rette fokus på meir førebyggjande helsearbeid, og tanken er at ein skal jobbe aktivt førebyggjande. Det nye treningssenteret vil i så måte vere eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Regionalt helsesamarbeid

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, 6 intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelp) og kostnader for hjelpepersonell knytt til spesialisthelsetenesta ved NGLMS. Kommunane mottok statlege tilskott for å drifte KAD-senger, som blir

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

overført Sel kommune som del av finansieringa. Det er lagt inn reduksjon for IM-senger og KAD-senger på ca kr 200 000 i budsjettet for 2020.

I 2020 vil kostnadene for legevakt og legevaktsentral auke med ytterligere 160 000 i 2020 og utgjør no kr 1 255 000 for Skjåk sin del. Med ei total kostnadsramme på ca 8,7 millionar kroner er det ei relativt kostbar teneste. Skjåk har spelt inn at det må vurderast å kjøpe denne tenesta frå andre sentralar i landet, alternativt organisere tenesta på ein meir ressurseffektiv måte. Auken i kostnader for legevakt og -varsling er budsjettert under helsetenester og betyr ei ytterlegare utfordring i budsjettarbeidet.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) var tidlegare organisert under heimebaserte tenester. Det er naturleg at dette ligg inne som ein del av dei kommunale helsetenester og har derfor blitt flytta til dette området. Samhandlingsreforma for rus og psykiatri stiller store krav til den enkelte kommune, og når døgninstitusjonar blir lagt ned, vil det bety ytterlegare press på tenestene i den enkelte kommune.

Frå og med 2020 er kommunen pålagt å ha kommunepsykolog. Vi har lukkast å tilsette psykolog som eit samarbeid mellom Vågå, Lom og Skjåk, der Lom er vertskommune. Dette vil generere ei kostnadsauke på kr 350 000 for Skjåk kommune, utan at det følgjer med statlege midlar.

Det er behov for nye lokalitetar for å ivareta lovkrava i forhold til teieplikt innanfor den kliniske behandlinga i Skjåk. Den nye psykologen vil og ha behov for kontorplass dei dagane han er i Skjåk. Det er difor beslutta at tidlegare barnevernlokalitetar skal delast mellom barneverntenesta og psykisk helse. Det vil generere kostnader knytt til ombygging av lokalane, for at dei skal tilfredsstillе lovkrava i både tenestene. Ombyggingskostnadene er lagt inn som post i vedlikehaldsbudsjettet til teknisk sektor og må gjennomførast så tidleg som råd i 2020.

Helsestasjon

Skjåk kommune jobbar målretta mot førebygging av psykiske og fysiske lidingar blant barn og unge og har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats.

Helsestasjonen har dei siste åra fått tildelt betydelege statlege tilskott for å styrke barn og unge si psykiske helse ved å jobbe førebyggjande. Kommunen får øymerka midlar på om lag 350 000 kroner, som finansierer delar av stillinga som miljøterapeut. For å styrke både tiltaks- og det førebyggjande arbeidet innan barnevernet, er det vurdert å overføre 50% av miljøterapeutstillinga frå helsestasjon til barneverntiltak i og utanfor heimen i Lom og Skjåk.

Det vil bli vurdert eit samarbeid med Lom om kommunale jordmortenester.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Barnevern

Den nye barnevernreforma vil gje den kommunale barneverntenesta fleire og meir krevjande oppgåver og ansvar. For å møte dei nye krava, blei barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune og med kontorstad på Otta i 2019.

Etter at tenestene blei slått saman, har det vore ei relativt stor auke i talet på meldingar til barnevernet. Ein ser og at behovet for tiltak i og utanfor heimen er høgare enn det har vore tidlegare for å unngå fosterheimsplasseringar. Tiltaksarbeidet i Lom og Skjåk vil difor bli styrka med 25% stillingsheimel til 50%, som blir flytta frå den felles barneverntenesta til tenestene som gjeld tiltak i og utanfor heimen i Lom og Skjåk. (Sjå også kap. 3 Helsestasjon) Kostnader knytt til fosterheimplasseringar er føresett redusert som følgje av denne satsinga.

Kommunen vil bli påført ekstra kostnader gjennom den såkalla "Avlasterdommen" frå 2018 der kommunane blei pålagt å inngå arbeidsavtalar med avlastarar (besøksheimar). Dette har ikkje vore effektuert i Skjåk kommune, noko som betyr auka kostnader på dette området i 2020.

Det er elles ikkje lagt opp til auke i budsjettet for Skjåk sin del for den felles barneverntenesta om følgje av samanslåinga. Fylkesmannen har stadfesta at styrkingsmidla til Lom og Skjåk vil bli oppretthalden på same nivå. Det er semje om at desse styrkingsmidla skal gå uavkorta til frådrag for Lom og Skjåk sine kostnader i den nye fellestenesta.

Frå 1.1.2019 har kommunen plikt til å ha ein akuttberedskap i barnevern, og det er etablert ei regionalt vaktordning for heile N-G etter kommunelova § 28 med Sel kommune som vertskommune.

NAV

Det målretta arbeidet med å redusere utbetalingar til sosialhjelp og bustøtte har bidrege til store reduksjonar dei siste åra, og det er difor urealistisk å tru at dette kan reduserast ytterlegare i 2020.

Det ei stor utfordring i å få sosialhjelpsmottakarar utan fagutdanning ut i arbeid, Sysselsettingsgruppa er og blir eit viktig verkemiddel i å få personar over frå passiv sosialstønad til samfunnsnyttig aktivitet, og vera eit springbrett til utdanning og varig arbeid.

Ny leiar blei tilsett i november 2018 etter nesten 1 års vakanse. NAV blir stadig meir digitalisert, og ein har investert ytterlegare i mobile einingar, så som pc og telefon for å legge til rette for at den oppsøkjande verksemda ut mot bedrifter og brukarar vil auke i åra framover. Det er lagt inn 50 % reduksjon i ei saksbehandlarstilling for å kome inn i ramma.

Utfordringar i planperioden

Den demografiske utviklinga i Skjåk viser at vi får stadig fleire eldre med behov for helse- og omsorgstenester. Omsorgstrappa i Skjåk er godt utbygd for å møte behova til tenestemottakarane, men vi må bli enda betre til å utnytte dei ulike nivåa for å optimalisere ressursbruken ytterlegare. Bruk av velferdsteknologiske

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

hjelpemiddel i tillegg til ei heimeteneste av høg kvalitet, skal bidra til at brukarane får gode og trygge tenester i heimen så lenge som råd.

Ressurskrevjande tenester vil auke i åra framover med relativt mange barn og unge med stort omsorgs- og hjelpebehov. Tenestene må innrettast slik at dei vil vere bærekraftige dei neste 20 åra.

Kommunen blir stadig pålagt fleire oppgåver utan at det fører til ekstra statlege tilskott. Det er krevjande for å ein liten kommune både å få finansiert dei nye oppgåvene innafor dei tildelte rammene i tillegg til at det kan bli krevjande å få rekruttert medarbeidarar med rett spisskompetanse. Ytterlegare samarbeid innan helse- og omsorgstenester med nabokommunar og andre kommunar i regionen vil tvinge seg fram.

Prioriterte satsingar i planperioden

Det blei innført nye arbeidstidsordningar i februar 2019, og sjølv om det ikkje har gjeve den, innsparingseffekten første året som føresett, har det bidrege til ein svært positiv effekt både sett frå brukar-, tilsette- og arbeidsgjevarperspektiv. Det blir teke naudsynte grep for å justere turnusane etter erfaringane som er gjort i løpet av første år, noko som kan bidra til å redusere kostnadene og optimalisere ressursbruken betre det neste året.

Eit stort og omfattande innovasjonsprosjekt innan miljøarbeidartenesta er sett i gong med tilskott frå Fylkesmannen. KS-konsulent er engasjert som prosesseiar. Det er grunn til å tru at det nye bufellesskapet og avlastningsplassane, som vil vere innflyttingsklare i februar, vil bety mykje for organisering og ressursutnytting innafor ressurskrevjande tenester i åra framover.

Reforma "Leve hele livet" vil krevje at vi legg enda meir til rette for heimebaserte tenester slik at folk kan klare seg så lenge som råd i eigen heim eller omsorgsbustad. Det vil bli igangsett eit forprosjekt i løpet av 2020 for å vurdere omgjerung av institusjonsplassar til omsorgsbustader for å møte det auka behovet for tilrettelagte bustader.

Kvalitetsdiskusjon

- Innovasjonsprosjektet "Berekraftig bufellesskap og avlastning" er eit nybrottsarbeid som vil danne grunnlag for tenesteutvikling både sett i frå brukarar, pårørande, tilsette og arbeidsgjevar si side. Prosjektet er eit pilotprosjekt som kan få overføringsverdi både regionalt og nasjonalt, og som dermed kan bidra til positiv omdømmebygging.
- Auka krav til kompetanse som følgje av fleire og meir krevjande oppgåver lagt til kommunen, krev satsing på kompetanseheving på fleire fagområde innan helse og omsorg. Kommunen har fått overført betydeleg kompetansemidlar frå Fylkesmannen dei seinare åra som bidreg til å finansiere denne satsinga.
- Tildelingskontoret skal kontinuerleg evaluere og gjennomgå vedtak for å sikre at helse- og omsorgstilbodet er dimensjonert rett.
- Satsing på digitalisering og bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel vil bidra til ei betre utnytting av ressursane.
- Nye arbeidstidsordningar bidreg til ein auke i heiltidsstillingar og betre utnytting av kompetanse. Bebruarane opplever større grad av kontinuitet og dermed meir stabilitet.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

- Ny interkommunal barnevernteneste har bidrege til mindre sårbarheit, eit breiare fagmiljø, betre spisskompetanse og auka fokus på førebyggjande tiltaksarbeid for å unngå fosterheims plasseringar så langt som råd. Det er etablert eit godt samarbeid mellom barneverntenesta og samarbeidspartane i kommunen.
- Ny kommunepsykolog bidreg til å styrke det psykiske helsearbeidet.
- Det går føre seg eit samarbeidsprosjekt mellom 6 k helse og DPS for å utvikle tilbodet innan rus og psykiatri når, mellom anna med auka satsing på ambulante team når døgntilbod blir lagt ned.
- Legetenesta skal oppretthaldast med tre heile legeheimlar samt turnuskandidat for å sikre god og tilstrekkeleg legedekning for å trygge innbyggjarane.

Oppsummering av endringar frå 2019 til 2020

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019	Regnskap 2018
300 HELSE OG OMSORG	2 863 000	2 863 000	2 863 000	2 863 000	2 099 000	1 941 010
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	22 385 000	22 385 000	22 193 000	21 807 000	22 680 000	23 562 507
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	26 013 000	25 330 000	24 839 000	24 423 000	27 376 000	28 674 875
330 HELSETASJON	2 402 000	2 402 000	2 209 000	2 209 000	2 442 000	2 549 890
331 NAV	2 329 000	2 329 000	2 229 000	2 229 000	2 127 000	2 238 994
332 BARNEVERN	2 679 000	2 679 000	2 679 000	2 679 000	2 482 000	2 855 698
350 HELSETENESTER	8 561 000	8 433 000	8 433 000	8 005 000	5 939 000	7 071 204

Ansvar 310 Institusjon

- Reduksjon i grunnbemanning dag/kveld og helg. Forventa innsparing 800 000
- Vakanse i administrativ stilling, innsparing 500 000
- Stenge ei avdeling, alternativt auke talet på bebuarar innsparing/auka inntekt 1 mill.
- Sal av sjukeheims plassar delar av året, auka inntekt 270 000
- Nivå for opphaldsbetaling ved institusjon blir oppretthalden

Ansvar 320 Heimetenester/miljøarbeidstenester

- Reduksjon i grunnbemanning heimesjukepleie, innsparing 1 mill
- Reduksjon i kostnader funksjonshemma i heimen, netto innsparing 900 000
- Renter og avdrag på ca 400 000 skal dekkast innafor ramma
- Samarbeid om ergoterapeutressurs med Lom. Redusert med 60 % stilling
- Nytt bufellesskap, totale innsparingar 1,650 mill

Ansvar 330 Helsestasjon

- Statlege styrkingsmidlar på kr 340 000. Finansierer 50% miljøterapeutstilling
- Overføre 50% miljøterapeutstilling for å styrke barneverntiltak i Lom og Skjåk
- Samarbeid med Lom om kommunale jordmortenester?

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Ansvar 331 NAV

- Arbeids- og aktivitetstlina i NAV for å førebyggje og redusere talet på unge og vaksne sosialhjelpsmottakarar
- 50 % stilling blir halden vakant

Ansvar 332 Barnevern

- Kostnader knytt til tiltak i og utanfor heimen aukar
- Overføre 50% miljøterapeutstilling frå helsestasjon til barnevern for å styrke tiltaksarbeidet i Lom og Skjåk
- Fosterheimsplasseringar blir redusert
- Avlastarløn genererer ekstra kostnader på ca 300 000
- Styrkingsmidlar frå FM på ca 1 mill blir oppretthalden og går til frådrag for kostnader i Lom og Skjåk

Ansvar 350 Helsetenester

- Tilskott til rekruttering av fastlegar, inntektsreduksjon på kr 400 000
- Statleg veiledingstilskott for turnuskandidatar og legar i spesialisering er fjerna
- Reduksjon i legelønn ved rekruttering av nye legar, ca kr 300 000
- Noko reduksjon i refusjonar frå Helfo og pasientbetaling for legane pga bortfall av spesialisttakstar
- Reduksjon fysioterapiheimlar; frå 3 til 2,5 gjennom samarbeid med Lom


Regionale helsetenester

- Auka kostnader legevaktvarsling: kr 160 000 frå 2020
- Forventa reduksjon i kostnader KAD-senger ca kr 100 000 og IM-senger kr 100 000.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling

Ansvarsområde



KOSTRA

Kostrastatistikken har flere variabler innanfor område miljø- og samfunnsutvikling. Men felles for flere av disse er at det er vanskeleg å samanlikne t.d. tal på byggjesaker, reguleringsplanar osv. Tala for Skjåk sin del bli små i høve t.d. Oppland og landet utanom Oslo. Likevel kan ein ut frå statistikken seie noko om situasjonen i Skjåk. Skjåk kommune har som døme eit lite tal reguleringsplanar. Dette skuldast at kommunen har lagt vekt på ein heilskapleg arealplan for kommunen heller enn mange små reguleringsplanar. Tabellen viser også at kommunen har ei låg saksbehandlingstid for byggjesaker, noko som vurderast som positivt. Under er likevel eit skjønnsamt utval statistikkvariablar som seier noko om situasjonen i Skjåk samanlikna med andre kommunar.

Brann og ulukkesvern

	Skjåk	Kostragruppe 3	Landet utanom Oslo	Oppland fylke
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar, forebygging av brannar ulukker og beredskap mot brannar og andre ulykker.1000 innbyggjarar	4137	1834	1241	1588
Årsverk brann og ulukkesvern pr 1000 innbyggjarar	0,65		0,71	0,75

Tabellen viser at Skjåk har rimeleg høg kostnad pr innbyggjar til brann og redningstenester. Dette har samband med at små brannetatar har same krav som alle andre etatar i større og store kommunar. Årsverksinnsatsen pr innbyggjar er derimot lågare. Det er mange små stillingar i små brannvesen, som kan så ut i statistikken.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Hushaldningsavfall

	Skjåk	Kommune- gruppe3	Landet utanom Oslo	Oppland fylke
Årsgebyr for avfallstenesta per innbyggjar kroner	1970	2759	2854	2278
Materiale levert til gjenvinning kg pr hushaldning	30,9	28,7	40	45,3

Skjåk kommune er med i det interkommunale renovasjonsselskapet NGR. Kostnadane pr innbyggjar ligg som tabellen viser langt under det som er tilfelle for samanlikningskommunane.

Plan, byggjesak og miljø

	Skjåk	Kommune- gruppe 3	Landet utanom Oslo	Oppland fylke
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker med 3 vekersfrist	3	18	20	16
Gjennomsnittleg saksbehandlartid for saker med 12 vekers frist	9	35	37	28

Tabellen over viser at Skjåk har ei særdeles låg saksbehandlartid i byggjesaker. Dette sjølv om byggjesakskapasiteten periodevis har vore låg.

Målkort

Målekort - Miljø- ofg samfunnsutvikling					
Dimensjon	Indikator	2020	2021	2022	2023
Organisasjon	Fråvær i %	4,0	4,0	4,0	4,0
	Utviklingssamtale / medarbeidersamtale med alle faste tilsette	100 %	100 %	100 %	100 %
	Meistringsorientert leiing, medarbeidarundersøking (10 faktor)		4,0		4,0
	Relevant kompetanseutvikling, medarbeidarundersøking (10 faktor)		3,8		3,8
Samfunn	Gjennomsnittleg stillingsprosent	75 %	75 %	75 %	0,8
Teneste	Saksbehandlingstid byggesak (det er ulike krav i høve til kompleksitet)				
	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker med 3 vekersfrist	10 dagar	10dagar	10 dagar	10 dagar
	Gjennomsnittleg saksbehandlartid for saker med 12 vekers frist	21 dagar	21 dagar	21 dagar	21 dagar
	kommuneplan	30 %	30 %	30 %	10 %
	Næringsavdelinga - produksjonstillegg i landbruket	100pst	100pst	100pst	100pst
	næringsvdelinga - næringsfond- behandling av søknader	100pst	100pst	100pst	100pst
Økonomi	Fastlønn (lik budsjett)	<100%	<100%	<100%	<100%
	Vikarutgifter	<100%	<100%	<100%	<100%

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Beredskap

Skjåk kommune fekk i 2018 testa beredskapen sin. Fleire store verrelaterte hendingar, der flaumen i oktober var den største og mest dramatiske, viser at eit oppdatert og operativt beredskapssystem er viktig for tryggleiken til innbyggjarane og for å sikre infrastruktur og materielle verdiar.

I forkant av flaumen var kommunen gjennom fleire beredskapsøvingar, som gjorde at kommunen fekk sett stab. Lokal kunnskap og lokalt dugnadsarbeid gjorde at det ikkje var tap av liv og helse i flaumsituasjonen.

Eit tilsyn gjennomført av fylkesmannen hausten 2019, viste at det framleis er forbedringspotensiale i beredskapssystemet til kommunen. Dette handlar mellom anna om organisering av kriseleiinga. Kommunen vil følgje dette opp, og gjere nødvendige endringar.

Næring

Samfunnsdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017-2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamansetjing, klima og miljø og migrasjon. Flaumen hausten 2018 har vist kor viktig det er å ta omsyn til endringar i klima og ekstremvær. I tida framover må dette vere høgt på dagsorden for kommune og for næringsliv.

Kommunen har i fleire år opplevd nedgang i folketalet. Dette skuldast både negativt fødselsoverskot og utflytting. Det siste halve året har vi sett ei lita folketalsvekst. Vi ser ein tendens til at unge barnefamiljar har flytta heim att. Dette er veldig positivt for Skjåk. Samstundes er det viktig å arbeide for at bygda bli attraktiv å busette seg i. Kommuneplanen for dei neste åra legg vekt på å finne fram til trivselsskapande tiltak som gjer at fleire vel både å busette seg og bli buande i Skjåk.

Skjåk er vertskommune for nasjonalparkane Breheimen og Reinheimen. Det er viktig med lokal forvaltning av nasjonalparkane. I dag er det ikkje konflikt knytt til bruk og vern av dei verna områda. Parkane gjev ein meirverdi til kommunen. Kommunen må i samarbeid med lokale og nasjonale vernestyresmakter sjå på korleis ein kan bruke områda i reiselivssamanheng.

Skjåk kommune kan med rette kallast ein gründerkommune, mange av verksemdene i Skjåk er etablert ut frå ein grunnleggjande idé om eit produkt som har vakse seg fram til ei livskraftig verksemd. I 2017 og 2018 har fleire fått hjelp til å etablere eiga verksemd, dette har ført til framvekst av eit miljø av såkalla frie yrke. Folk som har verksemda si i medie- eller designbransjen vil ikkje vere avhengige av å vere geografisk nær kundane sine, og å bu i Skjåk vil ikkje vere eit fysisk stengsel i så måte.

Landbruket vil framleis vere ein berebjelke i Skjåk-samfunnet. Talet på aktive gardsbruk har gått ned, men husdyrhaldet har halde seg på jamt nivå, og delen dyrka mark har auka. Mellom anna fordi kommunen har eigne tilskot frå næringsfondet til nydyrking. I tillegg til omlegging til samdrifter og det ein kan kalle industrielt landbruk, har det vore og er eit mangfald i jordbruket, med satsing på nisjeprodukt, som grønnsaker og eggproduksjon og lokal og kortreist mat. Tradisjonen med spekepølse, flatbrød frå lokalt korn og skinke er løfta opp, og kjem i nye former. Men landbruket i Skjåk har sine utfordringar. Sysselsettinga i landbruket har hatt ein jamn nedgang dei siste åra, dette er eit årsverkstap som ikkje erstattast av ny sysselsetting i andre sektorar. Landbruket må sjølve ta eit ansvar for å stimulere til nyrekruttering, men kommunen kan vere med å tilretteleggje for overtaking av bruk. Dette kan skje gjennom støtte frå

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

næringsfond, hjelp til søknad til Innovasjon Norge, og ved å ha ei fagleg god landbruksforvaltning i kommunen.

Tiltak som får støtte frå næringsfondet er landbruk, reiseliv og anna næringsliv. I tillegg kjem det som kan kallast aktivitetstiltak som Ståk i Skjåk og hausttakk, og konsulenthjelp til t.d. kommuneplanarbeidet.

I 2018 gjekk Lom og Skjåk kommunar inn avtale om felles landbrukskontor for Lom og Skjåk. Kontoret har hovudbase i Skjåk, men det er framleis muleg for gardbrukarane å få hjelp på kommunehuset i Lom. Samtidig har Skjåk kommune lagt kulturkonsulenten sitt arbeid til avdelinga, slik at det samla talet på årsverk er 5,3 årsverk, fordelt på 7 tilsette. I dette ligg også felles skogbrukssjef for Vågå, Lom og Skjåk.

Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje arbeidsinnsats mellom anna til å få inn og kontrollere søknader om produksjonstilskot; saksbehandling av SMIL tilskotsaker, osv. Det er gledeleg å seie at det er høg landbruksfagleg kompetanse. Avdelinga har også ansvar for saksbehandling av søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet og råd- og rettleiing til næringsdrivande og ny-etablerarar. Tørkeperioden sommaren 2018 og flommen hausten 2018 har ført til eit monaleg tal søknader om både avlingskade og naturskadeerstatning i tillegg til dei ordinære søknadsprosessane om produksjonstillegg.

I 2016 vedtok kommunestyret nye vedtekter for næringsfondet, der det er lagt inn ei ordning med etablerarstipend til nyetablerarar. I dei nye vedtektene er det lagt stor vekt på sysselsettingseffekten av det søknaden gjeld. Det er handsama to søknader om stipend pr november i 2018. Det har vore ein føresetnad at vedtektene skal evaluerast, noko som blir gjort hausten 2018.

Tilgang og avgang midlar på næringsfondet er budsjettert slik;

	Art	Ansvar	Tenest	Prosjekt	Beløp
Budsjettert tilgang midlar - konesjonsavgift	1559	450	3258		7 455 000
Informasjonsmedarbeidar (3 - årig prosjekt, ferdig i 2018)	1959	450	1211		
Festekontrakter	1959	450	3202		-25 000
Næringssjefen	1959	450	3250		-1 383 000
Tiltak for reiseliv (nasjonalparkriket, turistinformasjon)	1959	450	3254		-300 000
Tiltak for bedrifter (udisponert)	1959	450	3255		-2 636 000
Regionkontoret / partnerskapsmidlar	1959	450	3260		-425 000
Næringssjefen, landbrukskontor	1959	450	3291		-1 487 000
Tiltak for landbruk og skogbruk (udisponert)	1959	450	3293		-1 000 000
Aurmo industriområde, asfaltering.	1959	600	8800		-200 000
Budsjettert avgang midlar - sum bruk					-7 456 000

Fordeling:

Drift	38,8 %	2 895 000
Regionkontoret	5,7 %	425 000
Eksterne tilskot	52,8 %	3 936 000
Investerring	2,7 %	200 000
	100,0 %	7 456 000

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Det har vore ein intensjon om å redusere bruken av næringsfond til internt bruk i driftsbudsjettet, slik kommunestyret tidligare har vedteke. Det er derfor lagt til grunn at 3-årig prosjektstilling går ut. Aktuell stilling er ikkje vidareført med finansiering frå drift på grunn av utfordringane med å få budsjettet i balanse. Avslutninga av prosjektet medfører at kommunen bruker mindre på intern drift og har meir midlar til eksterne tilskot, som er i samsvar med tidligare vedtak.

Kultur

Kultur er limet i eit lokalsamfunn. Kulturomgrepet kan definerast vidt eller smalt, alt etter kva ein legg inn i omgrepet. Skjåk kommune sitt kulturarbeid skjer i biblioteket, i kulturskulen, ved bruk av idrettsanlegg støtte til frivillige lag og organisasjonar.

Kulturminne er eit anna viktig element, sidan Skjåk har mange gamle og verneverdig bygningar, mange gamle anlegg for fangst og fiske og andre type anlegg som er verd å ta vare på.

Kultur er knytt til identitet, og om det er forfattarskap, mat eller musikk – så er det viktig for å seie noko om skjåkværen.

Kommunen har i fleire år arrangert ein årleg kulturkveld, der det er delt ut kulturpris og kulturstipend til innbyggjarar som har gjort ein særleg innsats i kulturlivet eller som har vist eit særleg kulturelt talent.

Kommunen arrangerer også to årlege dagar, Ståk i Skjåk og Hausttakk, som på kvar sin måte skal samle bygdefolk og andre til sosiale aktivitetar, marknadsliv med kulturinnslag. I 2019 markerte kommunen 70 årsjubileet for Verdspeidarleiren i Bismo, og kommunen arrangerte besøk med kronprinsparet i Norge. Dette er måtar å vise fram det beste bygda har å by på.

Det er stort mangfald i organisasjonsfloraen i kommunen. Dette er viktig å få synt fram, slik at dei som er interessert i å flytte hit ser at det er ting å gjere også i fritida.

Etter at ansvaret for det generelle kulturarbeidet vart lagt til næringsavdelinga ser ein at ein har fått fleire medarbeidarar å spele på, noko som igjen har hatt ein effektiviseringsvinst på eit halvt årsverk.

Natur- og kraftforvaltning

Skjåk kommune si utmarksforvaltning er i stor grad styrt av reglar om naturvern. Kommunen er delvertsskap for nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen. Dette saman med enkelte landskapsvernområde gjer at om lag 90 pst av arealet i Skjåk er verna, og dermed underlagt relativt strenge vernereglar.

Det er eigne styre med lokal representasjon for dei to parkane. Departementet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum, jf. kongeleg resolusjon av 4. juni 2010 fastsett vedtekter for nasjonalparkstyret.

Skjåk almenning eig om lag 95 pst av landarealet i kommunen, og har såleis stor innverknad på korleis arealet i kommunen blir nytta.

I 2019 vart ei anna viktig verksemd i Skjåk, Skjåk Energi KF omdanna til aksjeselskap slik energilova har bestemt det. Grunnen er at det skal vere eit funksjonelt skilje mellom nettverksemd og anna verksemd, t.d. sal av overskotskraft. Etter omdanninga frå kommunalt føretak til aksjeselskap.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Teknisk

Tilsette og årsverk i tenesteområde:

- 12 reinhaldarar fordelt på 9,0 årsverk. Reingjer om lag 15 500 m²
- 2 vaskerassistentar. 1,1 årsverk
- 7 vaktmeistarar fordelt på 5,4 årsverk
- 2 driftsoperatørar vatn og avløp. 2,0 årsverk
- 3 administrative stillingar. 2,5 årsverk
- 2 stillingar i sysselsettingsgruppa. 1,5 årsverk

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avløpsanlegg og drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

Reinhald

Reinhald av kommunale bygg etter gjeldande reinhaldsplanar. Reingjering av ca. 16 000 m² golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 9,0 årsverk fordelt på 12 stillingar.

Bygg og eigedom

Den kommunale bygningsmassa utgjer ca. 22 000 m². Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Vaktmeistertenesta utgjer 5,4 årsverk fordelt på 7 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste på kommunale utleigebustadar.

Ein del av den kommunale bustadmassen er relativt gammal, og det trengst gradvis meir vedlikehald. Det vil vere fornuftig å selje ein del av desse i den opne marknaden, og heller utvikle nye bustadformer tilpassa nye grupper innbyggjarar. Dette vil vere eit tiltak for midlartidig arbeidskraft som kan ønskje å bli buande. Kommunen vil etablere eit samarbeidsprosjekt med Husbanken for å utvikle modellar for framtidig bumiljø i Skjåk. Sal av bustadar skal vere med å finansiere nye bustader, for sal og utleie.

Kommunedirektøren ynskjer å avsette meir midlar vedlikehald i framtida.

Veg, vatn og avløp (VVA)

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg og drift av avløpsanlegget til TINE meieriet Lom & Skjåk. Det er totalt 5 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det vassverk ved Marlo skule. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vegar (brøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 3,4 årsverk fordelt på 5 stillingar.

Kommunen har relativt høge kostnadar til avløpsstenestene. Årsgebyret er snart det doble av det som er gjeldande for samanlikningskommunane (kostragruppe 3). Og dette trass i at kommunens sjølkostgrad er lågare enn det som er muleg. Dette har samanheng med at kommunen har nytt renseanlegg.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Syssettingsgruppe

Arbeidstreningssenteret ATS – Dei Gode Hjelparane Lom og Skjåk er ei felles syssettingsgruppe som skal legge til rette for arbeidstrening, praksisplasser, språkpraksisplasser og sosialisering. Basen er på Ånstad i Skjåk og med avdeling i Eggjelia i Lom.

Talet på syssette i gruppa vil variere over tid, pr. 01.11.2019 var det 7 personar på ulike tiltak. Desse består av brukarar via NAV, personar som er uføre, personar som har språkpraksisplass og frivillige. Det er og opna for at pensjonistar som framleis ynskjer å vere aktive, har et tilbod på dette i gruppa.

Utviding av aktivitetar til gruppa, både med jobbar og med varesortimentet i butikken, er eit arbeid som går kontinuerleg. Det er behov for å auke omsetninga i syssettingsgruppa, og det er nødvendig å vurdere ev endringar i oppgaveportefølja.

Det er 2 tilsette i gruppa, med leiar på Ånstad og avdelingsleiar i Eggjelia.

Plan og miljø

I 2018 var plan- byggjesaks- og beredskapsarbeidet lagt inn i ei felles planeining der Lom kommune er vertskommunen. Grunngevinga er at dette er eit kompetansekreivjande felt, og at det har vist seg vanskeleg å få tilstrekkeleg kompetanse – særleg når det gjeld arealplanarbeid. Det er veksande merksemd mot dette område, både fordi plan- og bygningslova frå 2010 set strenge krav både til byggjesaksbehandling og til arealplanar, og fordi endringar i klima gjer at merksemda mot flaum- og rasutsette område aukar.

Planeininga i Lom har i dag fem årsverk. To av dei tilsette har delt tilsetting, med 50 pst i Lom og 50 pst i Skjåk. Grunna vakansar knytt til sjukefråver og overgang til anna stilling, har kontoret i praksis ikkje vore fullt bemanna sidan våren 2019.

Skjåk kommune har det administrative ansvaret for det interkommunale brannfellesskapet lom og Skjåk Brannvesen, som er eit interkommunalt selskap med tre tilsette i administrasjonen.

Erfaringa med felles planeining viser at det er ein god måte å sikre tilstrekkeleg med ressursar til eit sensitivt felt. Mellom anna på grunn av etterarbeidet etter flaumen i Skjåk i 2018, har ikkje kontoret fått prioritet planarbeidet slik det var planlagt. Det er nødvendig å gjennomføre ei avgrensa evaluering, der ein ser på organisering, kapasitet og tilsettingsforhold på nytt.

Kommunen har hatt tilsyn med beredskapsplanarbeidet hausten 2019. I ljøs av resultatane her er det nødvendig med ein gjennomgang av beredskapsorganiseringa for å iverksette ev endringar våren 2020.

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

Kommuneplan

For kvar valperiode skal det utarbeiddst ein planstrategi som viser kva planer kommunen vil prioritere i perioden. Det skal takast omsyn til Nasjonale forventningar i dokumentet. Planstrategien for Skjåk vart vedteken hausten 2016.

Det vil vere nødvendig å utarbeide ny planstrategi når kommuneplanen skal reviderast i kommande kommunestyreperiode.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i februar 2018. Arealdelen er under utarbeiding men vart forseinka grunna etterarbeid etter flaumen 2018. Det er nødvendig å innarbeide nye flaum- og rassoner i planen. Ny arealplan vil bli lagt fram for vedtak våren 2020.

Klimaplan

Gjeldande klimaplan vart godkjent av kommunestyret i 2010. Målet med planen er at kommunen skal bidra aktivt til at nasjonale målsettingar blir nådd når det gjeld energiomlegging, energieffektivisering, reduksjon av klimautslepp og betre utnytting av ressursane i vasskraft og skog.

Planen har ei rekke tiltak som krev løyvingar. Energieffektivisering på kommunale bygg er teke med i budsjettframlegg til teknisk drift.

Tiltak som ifølgje klimaplan bør bli sette i verk:

- Innkjøp av el-bilar
- Innføring av miljøveke (informasjon) 50 000 kroner per år
- Enøk-tiltak private husstandar 100 000 kroner per år

Kommunen har relativt høge utgifter per m² kommunalt eig bygg. Ny bygningsmasse skal kunne få ned dette. Svømmehallen i Skjåkhallen krev erfaringsvis mykje energi. Men kommunen skårer høgt på bruk av fornybar energi i eigne bygg. I tillegg til oppvarming med elektrisk straum er det jordfyring i den nye barne- og ungdomsskulen. Skjåkheimen vil kunne koplatt opp mot nytt biovarmeanlegg som er under bygging i Bismo. Det vil også vere eit positivt klimatiltak.

Utfordringar i planperioden

Utfordringane for tenesteområdet Miljø- og samfunnsutvikling dei kommande åra er:

- å skape grunnlag for auka busetting og vekst i folketalet
 - oppretthalde eit livskraftig og mangfaldig næringsliv – både å leggje til rette for nye verksemder og at eksisterande blir verande
 - sette Skjåk på kartet, synleggjere kommunen og drive aktivt omdømmearbeid
 - Klima og klimautfordringar – frå å vere kjend (med rette) som landets tørraste kommune ser ein nå at ein også her må vere budd på endra versystem med ekstremregn og vind, tørke, flaum og ras
-

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

- Sikre vedlikehold av bygg og anlegg, slik at naturleg slitasje ikkje fører til øydelagde einingar og behov for nyinvesteringar raskare enn nødvendig
 - Ha eit godt plansystem som fyller alle lovkrav
 - Utvikle kommunen gjennom ein oppdatert sentrumsplan, kulturminneplan, næringsplan og andre type planar
- Ha eit kommunalt tenesteapparat med kort saksbehandlingstid og høg kvalitet på tenestene

Prioriterte satsingar i planperioden

- Investering i infrastruktur og bygg,
- Oppgradering av vassverk,
- Utbetring av Skjåkhallen
- Ny barnehage
- Ny arealplan
- Oppdatering av alle delplanane
- Tettare samarbeid med næringslivet og utvikling av fleire arbeidsplassar
- Dialog og samhandling med næringslivet for å sikre eksisterande arbeidsplassar og skape nye, mellom anna om korleis næringsfondet kan nyttast.
- Oppretting av eit prosjekt for bustadutvikling, for investering i nye og innovative bustader i kommunen. Samarbeid med Husbanken om utforming og finansiering av nye buformer.

Kvalitetsdiskusjon

Skjåk kommune har gjennomgåande gode tekniske tenester. Det er ei utfordring knytt til større vedlikehold, og det er eit visst vedlikeholdsetterslep. Å oppretthalde kvaliteten på så vel vassforsyning til innbyggjarane som kvaliteten på vegstandarden og øvrige tekniske tenester, vil vere avhengig av ressursar til årleg vedlikehold og nødvendige nyinvesteringar.

Kommunen har gjennom fleire år utmerka seg ved effektiv saksbehandling både på byggjesak og i plansaker. Dette er med på å gje Skjåk eit godt omdømme blant både hytteeigarar og andre som vil byggje i kommunen. Kommunen si saksbehandlingstid må også i åra vere slik at dei som søker finn at dei får god service, og at dei er velkomne til å etablere seg i bygda.

Det siste året har det vore ei nasjonal merksemd mot vasskvaliteten i kommunane. Vi ser at dette også beredskapsmessig er svært viktig. Difor vil oppfølging av dei ulike vasskjeldene kommunen har ansvaret for å sikre høg vasskvalitet måtte vere eit høgt prioritert område.

Næringsutvikling er ein sentral faktor for å skape livskraft og folketalsauke. Næringsfondet i Skjåk er kjent blant kommunens innbyggjarar, og terskelen for å ta kontakt for rådgjeving eller for å søkje støtte, skal vere låg. Kommunen si næringsavdeling som også omfattar landbrukskontoret i Lom og Skjåk skal vere tilgjengeleg for alle, og folk skal få hjelp til å utvikle ideane sine og til å etablere verksemder. Landbruket er

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2020-2023 og Årsbudsjett 2020

ein berebjelke i Skjåk, og ei tilgjengeleg og hjelpsam landbruksforvaltning vil medverke til livskraft i landbruket i åra framover.

Oppsummering av endringar frå 2019 til 2020

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2019	Regnskap 2018
400 MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	6 923 000	6 923 000	6 923 000	6 923 000	0	0
410 KULTUR	1 437 000	1 437 000	1 437 000	1 437 000	0	0
420 TEKNISK VAR	4 269 000	4 269 000	4 249 000	4 269 000	4 394 000	3 738 736
430 TEKNISK DRIFT	24 132 000	23 832 000	23 832 000	23 832 000	23 720 000	22 900 705
450 LANDBRUK OG NÆRING	166 000	166 000	166 000	166 000	166 000	141 450

Miljø- og samfunnsutvikling er eit nyoppretta tenesteområde for tenestene teknisk, næring, utvikling og kultur, natur- og kraftforvaltning og beredskap, samt plan og miljø. Meininga er å få betre tenester gjennom eit tettare samarbeid. Inn i tenesteområdet ligg også samarbeidseiningar med Lom og resten av regionen. Det er små fagmiljø som ofte krev spesialisert kompetanse.

Skjåk Energi er endra frå kommunalt føretak til aksjeselskap, der kommunen eig 100 % av aksjane. Kommunestyret har sett krav om framtidig eigarskap og utbyttestrategiar.